Nissedal kommune

Møteinnkalling

Utval:	**Formannskapet**
Møtestad:	Ordførarkontoret, Kommunehuset
Dato:	24.10.2019
Tidspunkt:	08:30

Forfall skal meldast på tlf. 35 04 84 00. Varamedlemmer møter berre ved særskilt innkalling.

Halvor Homme
ordførar

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 103/19	2. tertial 2019	
PS 104/19	2.tertial 2019 - investeringsbudsjettet	
PS 105/19	N - Søknad om deling av landbrukseigedom - 4/3 Nykos m.fl.	
PS 106/19	N - Søknad om konsesjon for å kjøpe landbrukseigedomen - 7/1,3 - Vik øvre og 14/1 - Tveitane nordre	
PS 107/19	N - 28/1 - Fjonevegen 2275 - Søknad om tilleggsareal (garasjetomt) til 28/21 - dispensasjon	
PS 108/19	N - Nytt vegsamband Kyrkjebygda - Tørdal - overordna avklaringar	
PS 109/19	N - Planvedtak for vern av tømmerrenna ved Jettegrytene	
PS 110/19	Ny handsaming - søknad om støtte til Klatrefestivalen 2019	
PS 111/19	Ny søknad om etableringstilskot frå Fjonesundet Kafè	
PS 112/19	Søknad om midlar til kjøp av jolegatelys i Treungen sentrum - Nissedal næringslag	
PS 113/19	Søknad om fritak for eigedomsskatt - gnr. 4, bnr. 13	
PS 114/19	Referat- og drøftingssaker	
PS 115/19	Nytt behov for spesialundervisning frå august 2019	X

Saker til behandling

PS 103/19 2. tertial 2019

Nissedal kommune

Arkiv:	153
Saksmappe:	2019/989-2
Sakshandsamar:	Jarle Bruun Olsen
Dato:	20.09.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	11/19	09.10.2019
Formannskapet	103/19	24.10.2019
Kommunestyret		31.10.2019

2. tertial 2019

Vedlegg:
Tertialrapport for 1. tertial (må lastast ned som eige dokument).

Fakta i saka:

Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang
2. tertial gjeld for perioden f.o.m. januar t.o.m. august. Rapporten er samansett av ein økonomisk gjennomgang av driftsbudsjettet og ei rapportering på kommunal drift og enkelttiltak i handlingsprogrammet. Status på investeringsprosjekt blir denne gang lagt fram i eiga sak, som blir handsama parallelt med tertialrapporten.

Lovgrunnlaget
Kommunale budsjettforskrifter/Kommunelova

Forankring i eige planverk
Budsjett/handlingsprogram.

Vurdering:

I 1. tertial var det ei negativ økonomisk utvikling i høve til at ein måtte auke bruken av fond med 2,3 mill. Dette vert ytterligare forsterka nå ved at ein nå tilrår å auke fondsbruken med nær 5 mill. Dette gjer til at budsjettert bruk av fond i 2019 blir over 9 mill. Dette gir eit kraftig signal på dei utfordringar som ligg i vente i høve til budsjett for 2020. Ein slik fondsbruk gjør eit kraftig innhogg i økonomiske reserverer. Dersom tertialrapporten blir vedteke slik den ligg føre, vil felles buffer vere redusert til 5,8 mill. ved utgangen av 2019.

Dei største enkeltmomenta som forklarer auke i bruk av fond på 5 mill. er:
- Auke i renteutgifter kr 720.000
- Reduksjon skatt/rammetilskot kr 618.000
- Reduksjon eigedomsskatt kr 440.000
- Reduksjon integreringstilskot 952.000
- Auke introduksjonsløn 327.000
- Div. vedlikehald kommunale bygg m.m. kr 975.000
- Sprekk avsett lønspott heile kommunen kr 690.000
- Forskotering av sjukepengar – eining for omsorg kr 650.000

Auken i renteutgifter skal dels dekkast over sjølvkost. Dette forklarar dels at ramma til sjølvskost blir redusert og slik sett «kompenserer» delar av denne auken i utgifter.

Utviklinga av skatt/rammetilskot er mindre positiv nå enn kva ein la til grunn i 1. tertial. Anslag på inntekt frå eigedomsskatt ser ein og blei lagt på eit for høgt nivå i 1. tertial. Det same gjeld og integreringstilskot, som blei justert opp i 1. tertial på feil grunnlag. Desse momenta kunne ein dels ha gjort eit betre anslag på i 1. tertial. Men resultatet hadde då vore at fondsbruken hadde blitt endra/auka i 1. tertial og slik sett gitt same resultat. (utan at det gjer saka noko betre!).

Post for introduksjonsløn er blitt budsjettert for lågt, på bakgrunn av at det er fleire deltakarar i programmet nå, enn kva ein la til grunn då budsjettet blei vedteke.

Det er vore gjennomført og planleggast mange ulike vedlikehaldstiltak på kommunale bygg. Til saman utgjer dette kr 975.000 (summen omfattar og bortfall av leigeinntekter på bygg som må rehabiliterast). Dette kan ein kalle «eingongsutgifter». Men samstundes er lista lang over prosjekt/etterslep på vedlikehald på kommunale bygg, slik at behovet faller på ingen måte bort etter denne løyvinga.

Lønsoppgjeret (sentralt oppgjer) blei høgare enn kva som var lagt til grunn i budsjettet.

Eining for omsorg sitt budsjett er dels finansiert med forskotering av sjukepengar. Når sjukefråværet blir svært lågt, som det er i år, så oppstår det paradokset at dette skapar utfordringar i høve til budsjettbalansen.

I 1. tertial blei det avsett kr 800.000 til auke av pensjonsutgifter. Desse blei førebels avsett under rammeområde felles. Men desse skal fordelast ut etter faktiske lønsutgifter. Det vert tilrådd at rådmannen får delegert mynde til å budsjettregulere for dette. Det er og grunn til å tru at det er oppstått avvik mellom budsjetterte avskrivingar og reelle avskrivingar. Det vert og tilrådd at rådmannen får delegert mynde til å budsjettregulere får dette.

Konklusjon:
Det er vanskelig å sjå anna utgang enn å auke bruk av fond. Det er kort tid att av året og handlingsrommet er derfor innskrenka, i høve til å gjøre tiltak for å redusere driftsutgiftene nå. Rådmannen arbeider nå med budsjett/økonomiplan 2020-2023 og tala i denne rapporten blir eit bidrag til å belyse dei økonomiske utfordringane som må løysast i budsjettarbeidet nå i haust.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedteke fylgjande:

1. Rapport for 2. tertial 2019 blir vedteke slik den ligg føre.
2. Driftsbudsjett 2019 blir endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten.
3. Rådmannen får delegert mynde til å budsjettregulere i høve til avsett sum under rammeområde felles, knyt til pensjonsutgifter (kr 800.000) og reelle summar i høve til avskrivingar.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 09.10.2019

AMU drøfta rapporten for 2. tertial

Uttale frå ADM

ADMU tek rapport for 2. tertial til vitande

Nissedal kommune

Arkiv:	153
Saksmappe:	2019/989-3
Sakshandsamar:	Jan Arvid Setane
Dato:	16.10.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	104/19	24.10.2019
Kommunestyret		31.10.2019

2.tertial 2019 - investeringsbudsjettet

Vedlegg:
1 Rapport for 2.tertial 2019 - investeringsbudsjettet

Fakta i saka:

Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang
Gjeldande rutine for økonomirapportering.

Lovgrunnlaget

Forankring i eige planverk
Økonomireglementet

Vurdering:

Av praktiske og tidsmessige grunnar vert status for investeringsbudsjettet lagt fram som eiga sak, og ikkje som ein integrert del av 2.tertial-rapport.

Vedlagte *rapport for 2.tertial-investeringsbudsjettet* gjev ein status for kvart enkelt prosjekt, og rådmannen finn ikkje grunn til å gjentake innhaldet her i saksutgreiinga.

Konklusjon:
Status for dei enkelte prosjekta vert teken til etterretning. Prosjektramma og løyving for 2019 vert endra slik det går fram av rapporten.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek rådmannen sin rapport for 2.tertial-investeringsbudsjettet til vitande og vedtek endringar av prosjektrammer og løyvingar for 2019 slik det går fram av rapporten.

Rapport for 2.tertial 2019 - Investeringsbudsjettet

Rådmannen rapporterte i 1.tertial 2019 at alle prosjekt , utanom eit lite avvik på Adresserings-prosjektet, var i rute og innanfor dei vedtekne kostnadsrammene. Kommunestyret vedtok då også 3 nye investeringsprosjekt (anleggsbidragsavtale Felehovet Nord, forprosjekt Nissedal ungdomsskule og prosjektering omsorgsbustader.

Etter dette har kommunestyret vedteke endringar av investeringsbudsjettet i ksak 27/19 Forprosjekt-brannstasjon og ksak 31/19-Opparbeiding av Damkollen bustadfelt.

Nissedal kommune har svært stor aktivitet i investeringsbudsjettet. Gjeldande budsjett legg opp til å gjennomføre investeringar for omlag 96 millionar, der store delar av dei gjeld vass- og avlaupsanlegg.

Det vert i det etterfylgjande gjeve ein status for kvart enkelt prosjekt.

0528 – VA-Gautefallheia-Nissedal sin del

Her ligg Nissedal sin del av fellesprosjektet med Drangedal kommune. Sjå kommentar under prosjekt 0535.

0551- Overvakingsanlegg – VA drift

Det vart løyva 1 million i 2018 til utviding av overvakingssystemet innan va-sektoren. Det er fleire stasjonar som kunne fått slik overvaking enn det denne løyvinga gjev rom for, så rådmannen har handtert denne som ei «ramme-løyving» ein prøvar å få mest mogleg ut av. Rådmannen vil kome tilbake til behovet for ytterlegare utviding i budsjettet for 2020.

0564 – Adressering – skilting – vegnamn

Prosjektet, som inneber å skilte alle gateadresser, var i hovudsak ferdig i 2018, men det har synt seg at det har vore behov for å kvalitetssikre arbeidet frå kommunen si side. Arbeidet vil vere fullført nå i løpet av 2019, innanfor gjeldande budsjett.

0591 – Tur-/sykkelløype Åmli – Treungen

Opning av tur- og sykkelstien er planlagt saman med Åmli kommune i mai-juni 2020. Det som står att er arbeid med vegstrekninga Tjønnefoss-Myrane, sikre vasstårnet ved Haugsjåsund, sikring av bru-kar og skilting langs heile løypa. Kontrakt med entreprenør er basert på tids- og materiellforbruk, og det er ingen garanti for at heile strekninga blir ferdig innanfor vedteke ramme, men så langt ser det lovande ut.

0592 – 4 utleigebustader – flyktningar

Løyvinga i 2019 gjaldt uteområda rundt bustadane i Tveitsund bustadfelt og Framnes bustadfelt. Arbeidet er gjennomført.

0602 – Kommunal vassforsyning – Bjønntjønn fjellgrend

Løyvinga i 2019 gjaldt tiltak som låg i anleggsbidragsavtala for området. Gjennomført i tråd med budsjett.

0604 – Anleggsbidragsavtale – Naurak, felt1, øvdre del, kloakk

Løyvinga i 2019 gjeld resterande tiltak i anleggsbidragsavtale. Arbeidet pågår i tråd med avtala.

0605 – Anleggsbidragsavtale – Svivkollen hyttefelt, vatn og kloakk

Løyvinga i 2019 gjeld resterande tiltak i anleggsbidragsavtale. Det er ennå usikkert om dette vil bli gjennomført i haust, eller utsett til våren 2020.

0608 – Ånundsbuoddane – hovudgrøft og intern-nett

Løyvinga i 2019 gjeld resterande tiltak i anleggsbidragsavtale. Gjennomført noko under prosjektramme.

0609 – Prosjektering – hovudleidning – Treungen-Kyrkjebygda

Løyvinga i 2019 gjeld restløyvinga knytt til generell prosjektering. Det meste av prosjektering blir nå belasta byggeprosjektet, men rådmannen tilrår at rest-løyvinga på dette prosjektet (ca. 0,4-0,5 million) står til disposisjon for arbeidet med ulike tilkoplingspunkt på Fjonesida, arbeidet med utsleppsløyve, framtidig reinseløysing og nye høgdebasseng i Treungen og Kyrkjebygda, då det her er behov for betydeleg ekstern bistand.

0611 – Rehabilitering – Oddane aldersbustader

Det vart i 2018 gjennomført drenering rundt bygget, etter store fuktskader i kjellaren. Utgiftene til dette på ca. kr 150.000 vart belasta driftsramma til teknisk eining. Det vart i tillegg avsett kr 750.000 i investeringsbudsjettet. I 2019 er påløpte kostnader kr 75.000 eks. mva. Det er framleis eit stort problem med fukt, og rådmannen kan ikkje sjå at det vil vere rett å bruke store beløp på å renovere dei 2 kjellarleiligheitane. Desse midlane vil ein i staden kunne nytte i samband med etablering av nye leiligheitar andre stader. Prosjektet tilrådast avslutta og kjellaren blir ståande slik den er utan anna bruksverdi enn som kaldtlager. Påløpte kostnader må sjåast på som vedlikehald og belastast i drift.

0613 – Kleivvegen – asfaltering

Prosjektet er gjennomført i tråd med løyvinga.

0615 – Aktivitetspark – Kyrkjebygda oppvekstsenter

Prosjektet fekk stadfesta fullfinansiering med Stui-tilskot rett før ferien, men arbeidet har ennå ikkje starta opp. Det er likevel ein ambisjon om å få gjennomført store delar av arbeidet nå i 2019.

0616 – Hovudleidningar – vatn og kloakk – Kyrkjebygdheia

Prosjektet må sjåast i samanheng med *0617 – Høgdebasseng – Kyrkjebygdheia*.

Desse prosjekta har ei samla prosjektramme på kr 25.410.000 (ksak 2/18), der kr 14.210.000 vart avsett til hovudleidningen. Arbeidet er i rute og det er ikkje meldt om avvik i høve til budsjettløyving.

0617 – Høgdebasseng og trykkaukar – Kyrkjebygdheia

Prosjektramme er kr 11.200.000, der kr 1.332.000 vart nytta i 2018. Arbeidet går etter planen. Forventa kostnader ser ut til å bli ein del lågare enn løyvinga, og det tilrådast at kr 1,5 million overførast prosjekt 0634.

0634 – Opprusting eksisterande anlegg – Kyrkjebygdheia

Løyvinga på kr 4,5 million er ein del av anleggsbidragsavtale med Kyrkjebygdheia AS. Dette gjeld stort sett oppgradering av pumpestasjonar/trykkaukarar som kommunen overtek når hovudleidningen er bygd. Det er ennå ikkje heilt avklart når dette arbeidet vil bli gjennomført. Prosjektet har fått ein uføresett kostnad knytt til behov for å legge ein ny vassleidning som ein i planleggingsfasen trudde at ein kunne bruke det som alt var lagt. Avtala med Kyrkjebygdheia AS inneber at kommunen tok risikoen for slike uføresette kostnader. Prosjektramma må utvidast med kr 1,5 million som fylgje av dette, jf. unytta løyving på prosjekt 0617.

0635 – Utviding av eksisterande anlegg – Kyrkjebygdheia

Løyvinga er ein del av anleggsbidragsavtala med Kyrkjebygdheia AS, og gjeld punktet om å føre fram spreienett til ca. 100 lågstandardhytter. Arbeidet er i rute.

0620 – Ombygging/tilbygg – Kyrkjebygda oppvekstsenter

Gjeldande budsjettramme i Budsjettskjema 2B er feil i høve til kommunestyrevedtaket. Ksak 10/19 fastsette ei prosjektramme på kr 16.655.000. Prosjektkostnadene pr. 31.12.18 var kr 2.683.915, og budsjettramma for 2019 skal då vere kr 13.971.000, ikkje 13.637.000. Årsaka til feilen ligg i at meirforbruket frå 2018 er teken omsyn til to gonger. Prosjektet nærmar seg ferdig, og det er ikkje rapportert om budsjettavvik.

0621 – Eriksneset hyttefelt – VA-planar og anleggsbidrag

Prosjektet er fullført kr 37.000 over løyving. Dette prosjektet har vore eit av mange delprosjekt som dels har vore handtert i same kontraktar, og det har vore vanskeleg å plassere alle kostnader i detalj slik ein kalkulerte. Avviket må seiast å vere marginalt.

0622 – Anleggsbidragsavtale – Utsjå hyttegrend, trinn2

Dette prosjektet vart vedteke i Ksak 70/17, men kom fyrst inn i budsjettet i 2018. Avtala innebar bygging av spreienett, 100% finansiert av anleggsbidrag, og at kommunen bygde trykkaukar, estimert til kr 350.000. Gjeldande budsjettramme i Budsjettskjema 2B er feil i høve til kommunestyrevedtaket. Unytta løyving frå 2018 var kr 1.172.000 og budsjettramma skulle vore redusert med kr 82.000.

Prosjektkostnadene syner seg å vere høgare. I estimatet på kr 350.000 var det ikkje teke høgde for gravearbeid eller konsulentkostnader, så i ettertid må ein erkjenne at kostnadene var underbudsjettert. Samla kommunal kostnad til trykkaukar er kr 624.000, ein meirkostnad på kr 274.000. I og med at gjeldande budsjett er kr 82.000 høgare enn eigentleg ramme, må budsjettet nå styrkast med kr 192.000.

0624 – Investeringar i lokal infrastruktur og Microsoft-lisensar

Alle tiltak som denne løyvinga var meint for, er nå gjennomført. Prosjektet har eit meirforbruk på kr 16.000.

0625 – Vass- og avlaupsleidning – Treungen-Kyrkjebygda

Løyving på kr 25 millionar omfattar hovudleidningar for vatn og kloakk mellom Treungen og Kyrkjebygda, slik at det lokale vassverket og kloakkreinseanlegget kan leggjast ned. Hovudleidningane går også innom sentrale stadar på Fjonesida for å kunne forsyne nye abonnentar her. Prosjektet er i rute og det er ikkje meldt om avvik i høve til budsjettløyving.

0627 – Infrastruktur – digitalisering i barnehage og skule

Prosjektet er ikkje i sin heilheit gjennomført pr. august. Noko opplæring, infrastruktur (filtrering av uønskja nettsider) og innkjøp av visningsflater stend att. Prosjektet forventast fullført i løpet av året, men det knytast ein viss usikkerheit til kostnad for nemnde infrastruktur.

0628 – Kjøp av industritomt – Sundsmoen

Dette er gjennomført. Det var ikkje teke høgde for diverse gebyr, så prosjektet har eit meirforbruk på kr 8.000.

0629 – Oppgradering – Agresso Milestone 7

Oppgraderinga vil bli gjennomført 2.halvdel av september. Mykje av kostnadene er konsulentbistand frå leverandøren, og desse er ennå usikre.

0630 – Damkollen bustadfelt

Arbeidet med å opparbeide feltet er i gang. Det er kome spørsmål frå Fredriksens fabrikk og ein einebustad om det er mogleg å kople seg til vatn og kloakk. Kommunen bygger i så fall leidningsnett fram til tomtegrense, noko som her vil koste omlag kr 80.000. Det er vidare kome nokre uføresette kostnader knytt til byggesaksgebyr og handtering av nedgrave søppel. Rådmannen tilrår å utvide va-delen av prosjektramma med kr 100.000.

0631 – FKB-kartlegging (Nissedal og Kviteseid)

Kartprosjekt i regi av Kartverket som går etter planen.

0632 – Tenestebilar omsorg/teknisk

Det er kjøpt inn bil til heimetenestene. Teknisk har ennå ikkje gjennomført sitt innkjøp.

0636 – Oppgradering uteområde – barnehagane

Her er det meste av arbeidet gjort og utstyr kjøpt inn. Mykje er gjort på dugnad, så her har kommunen fått mykje for pengane. Ingen avvik i høve til budsjettløyving.

0637 – Ombygging/rehabilitering – Fjone barnehage

Arbeidet er i stor grad fullført, og det er ingen avvik å melde i høve til budsjettløyving.

0638 – Kunstgrasbane – Sentralidrettsanlegget i Treungen

Prosjektet har ei ramme på kr 1.219.000 inkl. mva. Påløpte kostnader er kr 1.375.000. Meirforbruket skuldast at banestorleiken vart auka noko undervegs, noko ein måtte for å få godkjent spillemiddelsøknaden. Ved drøfting av saka i formannskapet var det eit samla formannskap som gav sin tilslutnad til å auke prosjektramma, og prosjektet er på dette grunnlag fullført.

0639 – Anleggsbidragsavtale-Felehovet Nord, felt c, del3

Gjennomført i tråd med avtala.

0640 – Forprosjekt – Nissedal ungdomsskule

Prosjektering- og byggenemnda har fått i mandat å utgreie moglege løysingar. Det har ennå ikkje vore møte i nemnda.

0641 – Forprosjekt – renovering/ny brannstasjon

Prosjektering- og byggenemnda har fått i mandat å utgreie moglege løysingar. Det har ennå ikkje vore møte i nemnda, men rådmannen jobbar med faktagrunnlaget for ulike alternativ.

0642 – Omsorgsbustader ved Nissedal omsorgssenter

Prosjektering- og byggenemnda har fått i mandat å utgreie moglege løysingar. Rådmannen har orientert formannskapet om moglege løysingar og vidare framdrift.

0626 – Opprusting av vegen til Jettegrytene – utlån

Det vart i ksak 52/18 gjort ein avtale med veglaget for Espestøylvegen som innebar eit kommunalt lån. Veglaget forkasta denne avtala juni i år, og løyvinga er då ikkje aktuell.

0535 – VA-Gautefallheia – trinn4 – Drangedal avløp

Prosjektet er siste fase av Gautefallheia VA, og gjeld bygging av ny kloakkleidning mellom Gautefall Lodge og Gautefall reinseanlegg. Prosjektet var planlagt gjennomført ved avvikling av Gautefall reinseanlegg, men vart starta opp tidlegare grunna Drangedal kommune sitt behov for å også føre fram vassleidning i same grøfte-trase. Det er påløpt ein del prosjekteringskostnader, men arbeidet har nå stoppa opp grunna manglande avtale med grunneigar. Vidare framdrift må sjåast i samanheng med arbeidet med eit midlertidig utsleppsløyve for eit større forsyningsområde, der Gautefallheia VA inngår. Prosjektet vil truleg ikkje kunne gjennomførast før i 2020.

Nytt prosjekt – Multifunksjonsmaskiner – heile kommunen

Dagens leige-avtale, som omfattar ca. 25 maskiner, er forlenga fleire gonger. Nå er det nødvendig å skifte ut maskinene, og rådmannen vurderer at det er betydeleg betre økonomi i å kjøpe maskinene enn å leige dei. Ein ny leige-avtale tilsvarar ei levetid på ca. 3,5 år. Dagens maskiner har stått i produksjon i ca. 6 år utan særlege utfordringar. Dagens krav til sikker utskrift (personvern) og høve til også å skrive ut frå mobile enhetar som nettbrett og telefon vil bli ivareteken i den nye løysinga. Sikker utskrift og mobil utskrift påfører kommunen nye årlege driftskostnader på kr 60-80.000 som rådmannen ikkje ser at kan unngåast. Det er gjort eit grundig arbeid i eit forsøk på å redusere talet på maskiner, og ein har i stor grad valgt å kjøpe inn enklaste A4-modell, men ein ser at det ennå er eit stykke att før ein klarer å jobbe effektivt kun på ein digital

plattform. Samla investerings-kostnad er estimert til kr 600.000 eks. mva. Verknaden på driftsrammene i 2019 er marginale, men budsjett 2020 må ta omsyn til ny løysing.

Nytt prosjekt – Agresso Reisemodul/Anleggsmodul/Tilpassing til nytt kommunenr/SAF-T

Dels som fylgje av *ksak 21/19 Interkommunalt samarbeid mellom Nissedal og Kviteseid – felles rekneskapskontor*, og dels som fylgje av eksterne krav til rapportering er det fleire tilpassingar og nyinvesteringar som må gjerast knytt til økonomisystemet.

Når det gjeld reisemodulen så er denne påkrevd for å kunne rapportere korrekt til likningsmyndigheitane. Samstundes vil denne modulen vere naudsynt for å kunne nå eit mål om å etablere eit full-elektronisk rekneskapsarkiv. Reisemodulen gjev høve til å kunne registrere alle forhold knytt til tenestereiser fortløpande via app på telefon. Estimert investeringskostnad er kr 150.000 eks. mva og årleg vedlikehald/brukarstøtte kr 27.000.

Anleggsmodulen ivaretek verdioversikt og avskrivingsgrunnlag, herunder sjølvkost-grunnlag, for alle anleggsmiddel i kommunen. Kviteseid kommune har nytta denne i lengre tid, medan Nissedal har handtert dette manuelt. Med den store investeringsaktiviteten dei siste åra, spesielt innan VA-sektoren, ser rådmannen det nødvendig med betre rutinar på dette området. Estimert investeringskostnad er kr 100.000 eks. mva og årlege vedlikehald/brukarstøtte kr 25.000.

Som fylgje av nye kommunenr. frå 01.01.2020 må Agresso tilpassast. Estimert investeringskostnad er kr 25.000 eks. mva.

Krav til SAF-T frå 01.01.2020 inneber at Agresso må tilpassast nye krav til rapportering. Estimert investeringskostnad er kr 30.000 eks. mva.

Samla investeringsbehov blir som fylgje av dette kr 305.000 eks. mva.

Brukarstøtte- og vedlikehaldskostnader aukar med kr 50.000 i 2020. I tillegg kjem renter og avdrag på låneopptak, ca. kr 20.000 pr. år.

Budsjett-justering Budsjettskjema 2A - Investeringsbudsjettet

Tall i 1000 kroner	Gjeldande budsjett 2019	Endring budsjett 2019	Nytt gjeldande budsjett 2019
INVESTERINGSBEHOV			
Investeringar i anleggsmiddel	92 573	-8 170	84 403
Utlån og forskottering	6 902	-1 279	5 623
Avdrag på lån	479	0	479
Dekking av tidlegare års udekka	0	0	0
Avsetningar	563	300	863
Årets finansieringsbehov	**100 517**	**-9 149**	**91 368**
FINANSIERING			
Bruk av lånemidlar	-76 215	4 132	-72 083
Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-1 210	102	-1 108
Tilskot til investeringar	-1 945	0	-1 945
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-10 647	457	-10 190
Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 784	-96	-5 880
Andre inntekter	-4 716	4 554	-162
Sum ekstern finansiering	**-100 517**	**9 149**	**-91 368**
Overført frå driftsbudsjettet	**0**	**0**	**0**
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0
Bruk av avsetningar	0	0	0
Sum finansiering	**-100 517**	**9 149**	**-91 368**
Udekka / Udisponert	**0**	**0**	**0**

Kommentarar til andre justeringar enn Investeringar i anleggsmiddel:

Utlån og forskottering

Utlån til veglaget for Espestøylvegen er ikkje aktuelt lengre	- 1.200.000
Eigenkapitalinnskotet i KLP vart noko mindre enn budsjettert	- 79.000

Avsetningar

Høgare avdragsinntekter på startlån avsetjast til bunde inv.fond	+ 300.000

Bruk av lånemidlar

Reduserer lånebruk som fylgje av alle endringar i Investeringar i anleggsmiddel	+ 4.132.000

Inntekter frå sal av anleggsmiddel

Reduserer forventa inntekt frå sal av tomter	+ 102.000

Mottekne avdrag på utlån og refusjonar

Avdragsinntekter på startlån aukast på grunn av ekstraordinere innbetalingar	- 300.000
Kostnader og anleggsbidrag på prosjekt 0622-Utsjå hyttegrend vart lågare enn avtalt	+ 780.000
Refusjon knytt til sal av industritomt	- 23.000

Kompensasjon for meirverdiavgift

Ein samla auke som fylgje av endringar i Investeringar i anleggsmiddel	- 96.000

Andre inntekter

Reduserer Drangedal kommune sitt bidrag til VA-Gautefallheia sidan prosjektet vert utsett til 2020	+ 4.554.000

Budsjett-justering Budsjettskjema 2B - Investeringsbudsjettet

Alle tall i 1000 kroner	Gjeldande budsjett 2019	Endring budsjett 2019	Nytt gjeldande
Frå budsjettskjema 2A:			
Investeringar i anleggsmiddel	92 573	-8 170	84 403
Fordeling på investeringsprosjekt			
Nissedal sin del av fellesinvesteringar - Gautefallheia	4 017	-3 879	138
VA-Gautefallheia - Trinn4 - Drangedal avløp	4 716	-4 554	162
Overvakingsanlegg - VA drift	743	0	743
Adressering-skilting-vegnamn	20	0	20
Tur-/sykkelløype Åmli - Treungen	2 975	0	2 975
4 Utleigebustader - Flyktningar	128	0	128
Omsorgsbustader - Omsorgssenteret	125	0	125
Kommunal vassforsyning - Bjønntjønn fjellgrend	100	0	100
Anleggsbidragsavtale-Naurak, ø.del felt 1-kloakk	243	0	243
Svivkollen hyttefelt - vass- og avlaupsløysing	372	0	372
Ånundsbuoddane-hovudgrøft og internnett	390	-117	273
Prosjektering-hovudleidning-Treungen-Kyrkjebygda	565	0	565
Rehabilitering - Oddane aldersbustader	735	-735	0
Kleivvegen - Asfaltering	1 107	0	1 107
Aktivitetspark - Kyrkjebygda oppvekstsenter	787	0	787
Hovudleidningar - vatn og kloakk Kyrkjebygdheia	8 223	0	8 223
Høgdebasseng og trykkaukar - Kyrkjebygdheia	9 868	-1 500	8 368
Ombygging/tilbygg - Kyrkjebygda oppvekstsenter	13 637	334	13 971
Eriksneset hyttefelt - VA-planar og anleggsbidrag	99	37	136
Anleggsbidragsavtale-Utsjå hyttegrend trinn 2	1 254	-588	666
Investeringar i lokal infrastruktur og Microsoft-lisensar	33	16	49
Vass- og avløpsleidning Treungen-Kyrkjebygda	25 000	0	25 000
Infrastruktur - digitalisering i barnehage og skule	1 905	0	1 905
Kjøp av næringstomt - Sundsmoen	151	8	159
Oppgradering - Agresso Milestone 7	375	0	375
Damkollen bustadfelt	2 852	100	2 952
FKB-kartlegging	423	-85	338
Tenestebilar omsorg/teknisk	725	0	725
Kyrkjebygdheia - Opprusting av eks. anlegg - Anleggsbidragsavta	4 476	1 500	5 976
Kyrkjebygdheia - Utviding av eks. anlegg - Anleggsbidragsavtale	1 000	0	1 000
Oppgradering uteområde - barnehagane	900	0	900
Ombygging/rehabilitering Fjone barnehage	1 900	0	1 900
Kunstgrasbane - Sentralidrettsanlegget i Treungen	1 219	162	1 381
Anleggsbidragsavtale-Felehovet Nord, felt C, del3	1 260	0	1 260
Forprosjekt - ungdomsskulen	125	0	125
Forprosjekt - renovering/ny brannstasjon	125	0	125
Multifunksjonsmaskiner - heile kommunen	0	750	750
Agresso reisemodul/anleggsmodul/kommunenr/SAF-T	0	381	381
Sum fordelt	**92 573**	**-8 170**	**84 403**

Oppfylging av investeringsprosjekt 2019 - 2.tertial 2019

Investeringsprosjekt (oversikten skal gje ein oversikt over dei totale prosjekt-rammene. Raude tal betyr at mva inngår i tala)		Forventa total prosjektkostnad = ny prosjektramme	Gjeldande budsjett 2019	Behov for endring av prosjektramme	Behov for endring i 2.tertial
0528	VA-Gautefallheia-Nissedal sin del	45 792 000	4 017 000		-3 879 000
0551	Overvakingsanlegg - VA drift	1 000 000	743 000		
0564	Adressering - skilting - vegnamn	405 000	20 000		
0591	Tur-/sykkelløype Åmli - Treungen	3 049 000	2 975 000		
0592	4 utleigebustader - flyktningar	12 340 000	128 000		
0602	Kommunal vassforsyning - Bjønntjønn fjellgrend	1 680 000	100 000		
0604	Anleggsbidragsavtale - Naurak, felt 1, ø.del, kloakk	955 000	243 000		
0605	Anleggsbidragsavtale - Svivkollen hyttefelt vatn og avlaup	3 475 000	372 000		
0608	Ånundsbuoddane-hovudgrøft og internnett	3 579 000	390 000	-117 000	-117 000
0609	Prosjektering - hovudleidning - Treungen - Kyrkjebygda	1 700 000	565 000		
0611	Rehabilitering - Oddane aldersbustader	750 000	735 000	-750 000	-735 000
0613	Kleivvegen - asfaltering	1 107 000	1 107 000		
0615	Aktivitetspark - Kyrkjebygda oppvekstsenter	787 000	787 000		
0616	Hovudleidningar - vatn og kloakk Kyrkjebygdheia	14 210 000	8 223 000		
0617	Høgdebasseng og trykkaukar - Kyrkjebygdheia	11 200 000	9 868 000	-1 500 000	-1 500 000
0634	Opprusting eksisterande anlegg - Kyrkjebygdheia	4 500 000	4 476 000	1 500 000	1 500 000
0635	Utviding av eksisterande anlegg - Kyrkjebygdheia	1 000 000	1 000 000		
0620	Ombygging/tilbygg - Kyrkjebygda oppvekstsenter	16 655 000	13 971 000		334 000
0621	Eriksneset hyttefelt - VA-planar og anleggsbidrag	1 621 000	99 000	37 000	37 000
0622	Anleggsbidragsavtale-Utsjå hyttegrend, trinn 2	2 054 000	1 171 507	-588 000	-588 000
0624	Investeringar i lokal infrastruktur og Microsoft-lisensar	2 636 000	33 000	16 000	16 000
0625	Vass- og avlaupsleidning Treungen-Kyrkjebygda	35 000 000	25 000 000		
0627	Infrastruktur - digitalisering i barnehage og skule	1 905 000	1 905 000		
0628	Kjøp av industritomt - Sundsmoen	170 000	151 000	9 000	9 000
0629	Oppgradering - Agresso Milestone 7	375 000	375 000		
0630	Damkollen bustadfelt	2 852 000	2 852 000	100 000	100 000
0631	FKB-kartlegging (Nissedal og Kviteseid)	1 035 000	423 000		
0632	Tenestebilar omsorg/teknisk	725 000	725 000		
0636	Oppgradering uteområde - barnehagane	900 000	900 000		
0637	Ombygging/rehabilitering - Fjone barnehage	1 900 000	1 900 000		
0638	Kunstgrasbane - Sentralidrettsanlegget i Treungen	1 219 000	1 219 000	162 000	162 000
0639	Anleggsbidragsavtale-Felehovet Nord , felt C, del3	1 260 000	1 260 000		
0640	Forprosjekt - Nissedal ungdomsskule	125 000	125 000		0
0641	Forprosjekt - renovering/ny brannstasjon	125 000	125 000		0
0593	Omsorgsbustader ved Nissedal omsorgssenter	125 000	125 000		0
0642	Multifunksjonsmaskiner-heile kommunen	750 000			750 000
0643	Agresso reisemodul/anleggsmodul/kommunenr/SAF-T	381 000			381 000
SUM		**171 832 000**	**88 108 507**	**-1 131 000**	**-3 530 000**
SUM VA-GAUTEFALLHEIA		88 130 584	8 733 000		-8 433 000
SUM VA-GAUTEFALLHEIA 1)		**88 130 584**	**8 733 000**		**-8 433 000**
			96 841 507		
0626	Opprusting av vegen til Jettegrytene - utlån	1 200 000	1 200 000	-1 200 000	-1 200 000

Nissedal kommune

Arkiv:	V00
Saksmappe:	2019/204-35
Sakshandsamar:	John Olav Lia
Dato:	16.10.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	105/19	24.10.2019

N - Søknad om deling av landbrukseigedom - 4/3 Nykos m.fl.

Vedlegg:
1 N - Gardskart - 4/3 Nykos
2 N - Gardskart - Bronane
3 N - Søknad om deling frå Olav Dag Noraberg

Fakta i saka:

Olav Dag Noraberg har på vegne av dødsbuet etter sin far, Ådne Noraberg, søkt om deling av landbrukseigedomen Nykos gnr 4 bnr. 3,5,7,11.

Nykos er ein ein landbrukseigedom på 49 daa fulldyrka jord, 3,6 daa innmarksbeite, 331,7 daa produktiv skog og 421 daa anna utmarksareal. Bruket har hatt saueproduksjon fram til 2016.

Ådne Noraberg overtok garden Nykos (med Skogen) etter sine foreldre i 1955-56. Grannegarden Noraberg (med Bronane) kjøpte han som tilleggsjord etter avlidne Hans Kleiva i 1967. Frå 1967 har Noraberg og Nykos dermed vore ei driftseining. Med unntak av Bronane 4/5 på heia med 244 daa, ligg alle bruksnummer samla i ein teig på 561 daa.

Vurdering:

Arvingane etter Ådne Noraberg ynskjer altså å dele opp eigedomen i tre (fire) delar. Olav Dag Noraberg vil overtaka Noraberg 4/7, Reidar Noraberg vil overtaka Nykos 4/3 og Gunnar Jan Noraberg vil overtaka Skogen 4/11. I tillegg vil dei opprette Bronen 4/5 som ei sameige mellom dei tre brørne.

Etter jordlova er eigedomen Nykos 4/3,5,7,11 å rekne som ein samla landbrukseigedom og driftseining. Det er ikkje innbyrdes kartfesta grenser mellom bnr. 3, 7 og 11 i dag då driftseininga er eldre enn produksjonen av Økonomisk Kartverk (1980). Det er ikkje lagt ved kartskisser som viser korleis ein har tenkt å dele opp teigen på 561 daa, men det er mogleg å sjå for seg korleis dette er tenkt ut frå kart og flyfoto.

Resultatet søkjar ynskjer seg er tre/fire eigedomar med høvesvis omtrentlege areal:
- Noraberg kring 16 daa innmark, 50 daa produktiv skog og 75 daa anna utmark.
- Nykos kring 20 daa innmark og 60 daa skog.

- Skogen vil vera ein ubygd eigedom med kring 18 daa innmark, 150 daa produktiv skog og 160 daa anna utmark.
- Bronane med 69 daa produktiv skog og 175 daa anna utmark som sameige mellom dei tre arvingane.

Deling av landbrukseigedom er heimla i jordlova § 12, og vurderinga skal særleg gjerast ut frå 3. og 4. ledd.

Jordlova § 12, 3. ledd:

«Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.»

Garden er i dag eit godt utgangspunkt for å drive landbruk, og det vil vera klårt i strid med overordna føringar å dele eigedomen opp i mindre delar. Med kring 50 daa dyrka mark samla er det vanskeleg å sjå for seg føremoner ved å dele opp eigedomen, og ei deling vil tvillaust svekke framtidig drift av jordbruksarealet.

Ein vil også vise til rundskriv M-1/2013, punkt 3.1 der det står:

«Vern av dyrka og dyrkbar jord er en viktig del av den nasjonale politikken. Kommunen må også ta hensyn til nasjonale føringer for bruksstrukturen, som for eksempel at en skal verne om arealressursene og søke å oppnå driftsmessige gode løsninger»

Jordlova § 23, 4. ledd:

«Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.»

Eigedomen er i dag busett av Olav Dag Noraberg. Dei to brørne er busette i nærleiken i Nissedal og Vrådal, men det kjem ikkje fram av søknaden at nokon av dei har konkrete planar om å flytte til eigedomen. Skogen, som i tilfelle vil verta den største teigen, er t.d. tenkt som ein fritidseigedom. Ein kan med andre ord ikkje sjå busetjing som noko argument for å dele opp eigedomen.

Ein bør også merkje seg at Fylkesmannen i Telemark nyleg har sagt ei avgjerd omkring deling av landbrukseigedom i sak 2018/685 - Vik og Tveitane i Nissedal (2018). Avgjerda stadfesta krava jordlova set til vurdering etter § 12 og nekta dermed deling av eigedomen. Ein vurderer det slik at denne saka er lenger unna å oppfylle kravet i jordlova enn det nemnte sak Vik og Tveitane var.

Ein bør også merkje seg at ved ei oppdeling vil ikkje garden lenger vera ein odelseigedom og heller ikkje ha lovbestemt buplikt.

Konklusjon:

Slik søknaden ligg føre kan ein ikkje tilrå søknaden innvilga, og ein oppmodar søkjaren til å sjå på andre alterativ som ikkje går ut over landbruksressursane på eigedomen. Grunngjevinga for konklusjonen er at ei deling vil svekke landbruksressursane monaleg.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap avslår søknaden frå Olav Dag Noraberg av 31.7.2019 om å dele opp gardsbruket Nykos 4/3 m.fl., då dette vil vera i strid med jordlova § 12.
Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

Landbrukseigedom 0830-4/3

Markslag AR5 7 klasser



0 50 100 150m

Målestokk 1:7500 ved A4 liggende utskrift

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Dato: 16.10.2019 14:47 - Eiendomsdata verifisert: 16.10.2019 14:42 - Side 1 av 1

Landbrukseigedom 0830-4/3

Markslag AR5 7 klasser



0 50 100 150m

Målestokk 1:7500 ved A4 liggende utskrift

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Dato: 16.10.2019 14:49 - Eiendomsdata verifisert: 16.10.2019 14:42 - Side 1 av 1

KVITESEID KOMMUNE
Reg.nr.
06 AUG 2019
Saksh. Kopi til
Kassajson

Søknad.

Søknad ang.arveuppgjer etter Ådne Noraberg.f.12/03-1930 Død 25/01-2019
Eg,Olav Dag Noraberg,eldste sonen,vil med dette søkje om å få dela upp eigendomen etter min far.
Etter Ådnes seste ynskje vil eg få søkje om at eg,Olav Dag Noraberg,fær overtake Noraberg 4-7.
Og etter same ynskje at sonen,Reidar Noraberg,fær overtake Nykos 4-3.
Og likeeins at sonen,Gunnar Jan Noraberg,overtek Skogen 4-11.
Pappa ville at mi skulle overtake desse eigendomane vederlagsfritt.

Og i same ynskje ville han at mi tri brøane skulle ha Bronane 4-5 som eit sameige som alle konne disponere likt.

Eg,Olav Dag Noraberg,bur på Noraberg.Og Reidar Noraberg,event.son hans vil busete seg på Nykos.Dette ville vere veldig positivt.Og Gunnar Jan Noraberg kan tenkje seg å sete upp eit lit hus(hytte) i Skogen.
Viktig med folk på eigedomane!

Håpar med dette at de ser med velvilje på denne søknaden og innfrir Ådnes ynskje.

Helsing

Olav Dag Noraberg

Nissedal 31-07-2019

Olav Dag Noraberg

Nissedal kommune

Arkiv:	V00
Saksmappe:	2019/204-34
Sakshandsamar:	Peter Rieber-Mohn
Dato:	10.10.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	106/19	24.10.2019

N - Søknad om konsesjon for å kjøpe landbrukseigedomen - 7/1,3 - Vik øvre og 14/1 - Tveitane nordre

Vedlegg:
1 Konsesjonssøknad 23.08.2019
2 Kjøpekontrakt 23.08.2019
3 Verdivurdering 23.08.2019
4 Gardskart

Fakta i saka:

Søkar: Cecilie Ziener Thronsen, Gamle Drammensvei 186, 1365 Blommenholm
Seljar: Olav Inge Nordbø, Neslandsvegen 66, 3870 Fyresdal

Kjøpesum: Kr 4 500 000

Om formålet med kjøpet har kjøparen skrive i punkt 16 i konsesjonssøknaden:

«Tilbakeføre og restaurere opp bolig på Vik Nordre med påfølgende tilflytting til eiendommen innen ett år. Drifte skogen videre som tidligere eier med vedlikehold av veger og uttak av skogsvirke.»

Arealressursar:

På Vik er det våningshus, driftsbygning, eldhus, stabbur, reiskapshus og to campinghytter. På Tveitane er det eit bustadhus og eit uthus. Det er vidare opplyst at det er to festekontraktar på konsesjonseigedomen.

Gardskartet viser at eigedomen har følgjande areal (dekar):

Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Andre markslag	Totalt areal
36,5	16,0	8,5	1389,9	4841,5	6292,4

Før salet har seljaren delt frå to byggeområde for hytter og ein teig som grensar inntil og blir brukt av Vik camping. Desse områda utgjer om lag 280 dekar til saman. Av dette er om lag 23 dekar produktiv skogsmark, 7 dekar overflatedyrka mark og 230 dekar andre markslag.

Gardskartet er ikkje oppdatert med desse endringane. Resten av eigedomen, dvs. heile konsesjonseigedomen, ligg i LNF-område i kommuneplanen.

Vurdering:
Vi skal vurdere søknaden i samsvar med konsesjonsloven §§ 9 og 9a der det mellom anna heiter:

«§ 9.(særlige forhold for landbrukseiendommer)

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttes til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:

1. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,
2. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,
3. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,
4. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet…

§ 9 a.(priskontroll ved erverv av landbrukseiendom)

Ved avgjørelse av en søknad om konsesjon på erverv av bebygd eiendom med mer enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord som skal nyttes til landbruksformål, skal det i tillegg til momentene som er nevnt i § 9, legges særlig vekt på om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling. En slik vurdering av prisen skal også gjennomføres ved erverv av ubebygd eiendom som skal nyttes til landbruksformål, med mindre eiendommen er en ren skogeiendom.

Departementet kan gi forskrift om at prisvurderingen etter første ledd skal unnlates ved erverv av bebygd eiendom med et brukbart bolighus, dersom den avtalte prisen ikke overstiger en fastsatt beløpsgrense.»

- Busettingsomsynet:

Søkaren har opplyst at ho vil busette seg på eigedomen innan eitt år og sjølv bu der samanhengande i fem år. Busettingsomsynet blir dermed oppfylt. Vi bør sette dette som vilkår for konsesjon i samsvar med konsesjonsloven §11 der det heiter:

«§ 11.(vilkår for konsesjon)

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.»

Busettingsomsynet er viktig i heile kommunen pga. lågt folketal, i kring 1450 innbyggarar, og vi har fleire våningshus og gardsbruk som blir nytta til fritidsformål og står tome det meste av året. Vi ser også at ressursane blir best tatt vare på og utvikla på dei eigedomane der eigaren bur sjølv og har ansvar for drifta. Buplikta bør derfor vere personleg for eigaren og vare i fem år, som samsvarer med lovbestemt buplikt ved konsesjonsfrie erverv av tilsvarande eigedomar.

Søkaren har planar om å restaurere bustadhuset på Vik. Dette går fram av søknaden, og ho gjorde greie for det da vi var på synfaring på eigedomen den 19. september. Å gjennomføre denne planen krev truleg meir arbeid og kapital enn å bygge nytt. Eitt år synest å vere kort tid, men ho kan søke om å forlenge fristen for busetting dersom ho er godt i gang med arbeidet og det viser seg at ho treng noko meir tid. I søknaden har ho opplyst at ho eig ein bustadeigedom i Oslo, ein halvpart av to andre eigedomar i Oslo og ein halvpart av småbruket Strandrak 31/6 i

Nissedal. Ho har ikkje opplyst om eventuelle planar for desse eigedomane eller kva ho skal leve av når ho buset seg på Vik.

- Driftsmessige forhold:

Konsesjonseigedomen er ein jord- og skogbrukseigedom. Søkaren opplyser at ho er interessert i og har utdanning og erfaring i skogbruk og vil drive skogen. Dette tilseier at ho vil leige bort jordbruksarealet, som også seljaren gjer. Dette let seg truleg gjennomføre fordi jordbruksarealet er relativt lettdrive. Heile jordbruksarealet i kommunen blir brukt til grovfôrproduksjon, det meste på svakt drive, gamal eng . Ein del jordbruksareal gror att. Det er for få husdyrprodusentar og husdyr i forhold til storleiken på jordbruksarealet i alle delane av kommunen. Produksjonsmiljøet er lite og sårbart. Det beste og sikraste for drifta ville derfor vore om eigaren var interessert i å drive både jordbruk og skogbruk.

- Personlege kvalifikasjonar:

Søkaren er utan tvil godt kvalifisert og skikka til å drive eigedomen.

- Omsynet til heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet:

Konsesjonseigedomen er prega av at seljaren ikkje har budd på eigedomen i si eigartid og ikkje har investert i bygningane ut over vedlikehald. Bygningane har stort sett den same standarden som i foreldra si eigartid. At søkaren vil busette seg på og drive eigedomen og har ressursar til å investere i bygningane er derfor både nødvendig og godt. Det beste for heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet ville likevel vore om ho hadde vore interessert i å drive både jorda og skogen sjølv.

- Priskontroll:

Eigedomen er bygd og har meir enn 35 dekar dyrka mark. Kjøpet er derfor underlagt priskontroll.

Økonomisk rådgivning AS ved Gunnstein Hørte har vurdert verdien av eigedomen (vedlegg 3). Vi har vurdert verdien på grunnlag av befaring av husa saman med søkaren den 19. september i år og vår kjennskap til eigedomen. Resultatet av vurderingane er:

	Økonomisk rådgivning AS	Vår vurdering
Jordbruksarealet	168 000	168 000
Skog og utmark	820 000	820 000
Verdien av jakt	700 000	700 000
Våningshuset på Vik	1 600 000	700 000
Driftsbygningen på Vik	400 000	300 000
Eldhuset på Vik	50 000	50 000
Stabburet på Vik	20 000	20 000
Reiskapshuset på Vik	72 000	72 000
Campinghyttene på Vik	0	0
Våningshuset på Tveitane	660 000	350 000
Uthuset på Tveitane	10 000	0
Samla verdi	4 500 000	3 180 000

Vi skal gjere prisvurderinga i samsvar med rundskriv M-3/2002 og M-3/2017 frå LMD. Verdsettingsprinsippa er bruksverdi for jord, skog og jakt og kostnadsverdi for bygningar. Kostnadsverdi tilsvarer det det kostar å bygge ein tilsvarande ny bygning redusert for elde, slitasje og i kor stor grad bygningen ikkje er tenleg til bruk i dag. Eigedomar med eit brukeleg bustadhus er unntatt for priskontroll dersom prisen er under 3,5 millionar kroner. I område der kostnadsverdien for bustadhuset er vesentleg lågare enn marknadsverdien for tilsvarande

bustadhus på tomt, kan ein gi eit pristillegg på inntil 1,5 millionar kroner. Det gjeld ikkje i nissedal der ein knapt kan rekne med å få kostnadsverdi. Verken vi eller Økonomisk rådgivning AS har gitt buverditillegg.

Vi er einige i bruksverdien, men ueinige i verdien av dei viktigaste bygningane. Priskontrollen er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet aleine. Alle dei hovudmomenta vi har vurdert har same vekt. Vi skal avgjere søknaden ut frå ei samla vurdering. Skilnaden i prisvurderinga er likevel så stor at det ut frå krav om likebehandling vil vere svært uheldig om vi gir konsesjon med den avtalte prisen. Det vil gjere det umogleg for ein som ikkje er spesielt godt stilt økonomisk å overta ein tilsvarande eigedom med føremål å ha den som ein del av sitt inntektsgrunnlag og samtidig ha akseptable buforhold. Vi sendte derfor brev til konsesjonssøkaren den 25.09.2019 med kopi til seljaren og økonomisk rådgivning AS og opplyste at vi ikkje kan legge fram saka med positiv innstilling dersom ikkje prisen blir sett ned til maksimalt 3,5 millionar kroner. Ei samla vurdering av hovudmomenta over tilseier det same. Det er ikkje ei klar overvekt av moment for å gi konsesjon.

I e-post til kommunen den 27.09.2019 svarer takstmannen at han held fast på den verdivurderinga han har gjort spesielt for bustadhusa, og han meiner at vår vurdering er feil. Han viser til at han har brukt programmet BK byggekost.no som kalkulasjonsverktøy og sendte utskrift for dei enkelte husa. Vi er ikkje einige. Vi meiner at resultatet opplagt er i strid med sunn fornuft, og vi oppmodar formannskapet til å foreta synfaring.

Rådmannen si tilråding:

Korkje Agder Energi Vannkraft AS eller grunneigarane er førehandsvarsla om denne saka. Dei har derimot fått ei melding frå kommunen om at saka er på sakskartet til formannskap og kommunestyre nå i oktobermøta.

Vurdering:

Er det ønske om å skire varig vern av minst ei av tømmerrennene i kommunen, bør kommunen skaffe seg nødvendig handlingsrom gjennom eit vedtak i medhald av pbl §13-1 om mellombels forbod mot tiltak, irekna rivingstiltak.
Eit varsel om planoppstart som vil sikre heimelen til å nekte riving av tømmerrenna, bør i tillegg også omfatte arealet for ny tilkomstveg/parkering ved Jettegrytene.

Ein reguleringsplan kan gje grunneigar rett til å krevje innløysing, jf. §15-2. Planen kan også utløyse erstatningsplikt for kommunen, jf. §15-3.

At Agder Energi Vannkraft AS eller grunneigarane ikkje har fått uttale seg til innhaldet i denne saka er naturleg.. Dei vil både etter oppstartsvarselet og ved høyringa av planforslaget få høve til å kome med synspunkta sine. Denne saka skal avklare kommunens posisjon.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre varslar i medhald av pbl §12-8 oppstart av arbeidet med detaljreguleringsplan for eit område som omfattar tømmerrenna, Jettegrytene i Reinfossen og ny bilveg frå Espestøylsvegen ved Koranmoen til Jettegrytene slik vedlagte kartskisse viser. Føremålet med planarbeidet vil vere å sikre eit objektvern av tømmerrenna men til bruk som gangveg, ei omregulering av området Jettegrytene med omkringliggande areal til friluftsføremål, og ei regulering av bilvegstrasé og parkeringsplass som ny tilkomst til Jettegrytene frå Espestøylvegen.


N
Målestokk 1:8500
Interkommunalt plankontor for Nissedal/Kviteseid

Nissedal kommune

Arkiv:	223
Saksmappe:	2019/923-5
Sakshandsamar:	Hildegunn Rønningen
Dato:	12.09.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	110/19	24.10.2019

Ny handsaming - søknad om støtte til Klatrefestivalen 2019

Vedlegg:
1 søknad til Nissedal kommune
2 Oppstartsdokument Nissedal klatreklubb

Fakta i saka:

Treungen IL/klatregruppa ved Marie Kornmo Enger og Knut Oddvar Nes søkjer Nissedal kommune om ein stønad på kr. 50.000 til opplæring og utlånsutstyr for nybyrjarar/born.

Denne saka var og oppe i formannskapsmøtet 29. august 2019, men vart då utsatt. Formannskapet peika på at det tidlegare var sagt at ubruka midlar til Fri Flyt skulle overførast til idrettslaget, samt ønske om meir info om eventuelt å kunne nytte restmidlane frå tidlegare løyvingar til tiltaket idrettslaget søker tilskot til. Det vart også bedt om ei vurdering om søknaden er meir rett å fremme til kultur.

Vurdering – ny handsaming:

Informasjon frå Fri Flyt AS pr. e-post 10.09.19:

Støtte fra Nissedal Kommune
Denne er isolert og brukes kun til vedlikehold og pussing av ruter. Etter førsteåret ble det en det «ståhei» rundt dette arbeidet og vi trår derfor svært forsiktig nå. Det gjør også at alt er mer tidkrevende. I vinter 2018 hadde vi et møte der vi satt en tiltaksplan for arbeid som må/bør gjøres i området. Dette ble gjort sammen med CKK, Norges Tindeklubb, Klatreforbundet og andre lokale entusiaster. Videre brukte vi en del tid på å finne folk som ville utføre arbeidet. Det er nå gjort ganske mye arbeid på Hægefjell og tanken er å fortsette med dette. Det er også dette arbeidet støtten fra Nissedal Kommune er med på å realisere.

Vedlagt ser du dokument «reboltingsfestivalen» (NB: det er ikke snakk om en ny festival, det er bare klatrerne som utøver litt «klatrehumor» knyttet til arbeidet de skal gjøre».
Busjettet viser hva som er brukt til nå (mulig det mangler noen utgifter fra arbeidet i sommer)
Tiltaktsdokumentet viser hvilke tiltak i prioritert rekkefølge som forsøkes gjøres.
Minner også om at selve arbeidet blir gjort på dugnad så det er bare diverse reiseutgifter og utstyrskostander det går til – det er for å få gjort mest mulig for minst mulig.

Klatrefestivalen

Fri Flyt As er økonomisk ansvarlig og Treungen IL v/ Knut Oddvar og Marie er ansvarlig for gjennomføringen. De skal lage en festival som er så bra som mulig og som bidrar til at det lokale klatremiljøet vokser opp. Fri Flyt skal bistå med kompetanse, markedsføring, billettsalg, sponsorinnsalg samt være økonomisk ansvarlig.

Oppsummering:
Pr. i dag står det att ca. kr. 44.000 av løyvingane frå Nissedal kommune. Det står framleis att arbeid med rebolting og pussing av ruter. Fri Flyt har ikkje planar om verken å avslutte festivalen eller stoppe arbeidet med rutene. Løyvinga frå Nissedal kommune vil bli bruka til dette arbeidet i framtida. Rådmannen kan då ikkje sjå at det er eit alternativ å bruke desse midlane til søknaden frå Treungen IL ved klatregruppa.

Ein kunne sjå for seg at søknaden burde ha gått eining for kultur. Pr. i dag har dessverre ikkje kultur midlar å dele ut.

Hovudføremålet til det kommunale næringsfondet er å «fremje etablering av ny næringsverksemd....., stadsutvikling (....), ulike typar utviklingsarbeid og til vidareutvikling av eksisterande verksemder.»

Hovudformålet med KMD-fondet er å legge til rette for kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping i kommunen.

Rådmannen meiner ein kan sjå denne søknaden opp mot hovudføremålet til det kommunale næringsfondet, med vekt på stadsutvikling.
Til samanlikning fekk Vestmar Sportsfestival kr. 20.000 i 2019

Næringsfondet har pr. 01.08.2018 ein saldo på kr. 72.000.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå Treungen IL v/klatregruppa, og løyver kr. 10.000,- til innkjøp av utlånsutstyr.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Søknad om støtte til Klatrefestivalen 30. august – 1. september 2019

I år har Treungen IL v/ klatregruppa sagt ja til å vere medarrangør av festivalen. Me har eit brennande ønskje om at festivalen skal halde fram i åra framover, dog med eit tydeleg preg av lokalt engasjement der brorparten av innsatsen er gjort på dugnad.

Klatregruppa er for tida og av praktiske grunnar, underlagt Treungen IL, men vil på sikt (2020) etablere seg som ein eigen klatreklubb; «Nissedal klatreklubb», som femner heile kommunen i større grad enn ei klatregruppe underlagt eitt av idrettslaga. Me vil slik sett heller ikkje konkurrere om midlar til fotballen (som er den største idretten i TIL, og som dreg mest pengar) eller andre arrangement i regi av Nissedal IL eller Felle IL.

Me ønskjer å rekruttere lokale klatrarar til klubben og tenkjer at Klatrefestivalen er ein super arena der folk, der i blant bornefamiliar, kan kome å teste det ut i trygge former med svært kompetente instruktørar. Ein vil også få smake på klatrekulturen og kva den stend for.

Instruktørar kostar naturleg nok noko pengar, og skal me kunne la nybyrjarar prøve seg, treng me utlånsutstyr. Dette har me ikkje pengar til pr i dag.

Klatremiljøet er ikkje stort, og vil heller ikkje verta det, men med den marknadsføringa Nissedal kommune driv som mellom anna ein tydeleg og viktig klatredestinasjon, vil det vere av stor betydning for kommunen å kunne tilby lokale guidar/ instruktørar på sikt. Dette har vore etterspurd av turistar i fleire år. Me vil også rekruttere nye samt byggje kompetanse, for også å kunne ha eigne folk i fjellredningsgruppa.

Me søkjer om stønad på kr 50 000,- til opplæring og utlånsutstyr (som vil tilfalle klubben i etterkant av festivalen) for nybyrjarar/ born.

Me vonar kommunen delar vårt syn på dette og stilar seg positive til søknaden om støtte til festivalen.

Mvh

Marie Kornmo Enger og Knut Oddvar Nes

Treungen IL// klatregruppa

Vedlegg:

Invitasjon til kommunen

Oppstartsdokument Nissedal klatreklubb

Nissedal klatreklubb

skipa 13.mars 2019

Bakgrunn

Eldsjelar i Treungen IL såg behovet for å utvide aktivitetstilbodet for barn og unge i kommunen. Nissedal er ein stor både nasjonal og internasjonal fjellklatredestinasjon, og me ønskte å få fleire også lokale innbyggjarar til å utfalde seg i fjellet – ikkje berre soloklatrerar av internasjonal standard.

Me såg også at klatring er ein arena for menneskje med ulike funksjonshemmingar, og som ofte fell utanfor det etablerte idrettsmiljøet. Dette gjeld også unge vaksne, som tenderar mot eller er ein del av eit rusmiljø, eller som av andre grunnar ikkje synst å passe inn i den organiserte idretten. Å skape ein arena der tidleg innlært kunnskap og ferdigheiter ikkje er avgjera for deltaking, er viktig for å nå desse. Mange liker å halde på med aktivitet aleine eller i god avstand til andre. Fjellet er ein slik arena, der ein kan søkje spenning og gode opplevingar, saman eller kvar for seg.

Intensjon - formål

Me vil tilby barn og unge frå alle grupper samfunnslag og funksjonsdugleik denne aktiviteten, for å kunne auke folks livskvalitet. Å skape ein arena der alle har like moglegheiter til å leike, utfalde seg, strekkje seg etter nye mål, styrkje trua på seg sjølv, kjenne på meistring og ikkje minst vere ein del av eit sosialt fellesskap, er hovudmålsettinga til gruppa.

Statuttar

Nissedal klatreklubb ønskjer å etablere eit aktivt klatremiljø for alle med interesse for sporten; ute i fantastiske fjell sumarhalvåret (vår og haust), og samstundes halde aktiviteten oppe innandørs i (prosjektert) klatrehall heile året. Klubben vil ha offisielle treningar (buldring, klatring m/toppsikting) i ein gitt intervall, men også drive slik at medlem i klubben skal kunne klatre eller buldre, når ein sjølv ønskjer det. Dette i tråd med dei til ein kvar tid gjeldande reglar for slik aktivitet.

Me ønskjer å halde ein låg økonomisk profil, og arbeidet i klubben skal i all hovudsak drivast på dugnad, og i tråd med «Etikkplakaten» så fort den er etablert. Klubben ønskjer å kunne låne ut utstyr som selar og sko (og hjelm ved fjellklatring), slik at nybyrjarar enkelt skal kunne teste ut aktiviteten før ein evt kjøper personleg utstyr. Ved klatring i fjella, vil me tilstrebe å overføre etablerte haldningar i miljøet knytt til respekt for fjella, andre klatrarar, og for den risikoen sporten potensielt representerer, til nye klatrarar, slik at tradisjonen for sporlaus og naturvenleg ferdsel, vert teken vare på og forvalta på best mogleg måte. Me vil søkje å byggje kunnskap og ferdigheiter i takt med utviding av eigne grenser, slik at ein ivaretek tryggleiken og etikken på ein god måte.

Marie Kornmo Enger

Eldsjel, Nissedal klatreklubb

Nissedal kommune

Arkiv:	223
Saksmappe:	2019/999-6
Sakshandsamar:	Hildegunn Rønningen
Dato:	12.09.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	111/19	24.10.2019

Ny søknad om etableringstilskot frå Fjonesundet Kafè

Vedlegg:
1 Søknad om etableringstilskot - Ferjekafeen på Fjone
2 Bedriftsplan for Fjonesundet Kafé

Fakta i saka:

Leo og Yvonne Kievit søker Nissedal kommune om eit etableringstilskot på kr. 30.000 i samband med at dei har overtatt drifta av Fjonesundet Kafè på Fjone. Det er totalt oppgjeve investeringskostnadar på kr. 800.000,-. Ein gjer merksam på at fleire av investeringstiltaka er søknadspliktig, samt at søknaden inneheld andre spørsmål som søkjarane ber om avklaring på. Dette vil bli handsama i eigne saker.

Vurdering:

Leo og Yvonne leiger Ferjekafeen av Nissedal kommune og overtok drifta av kafeen 17. mai i år. Dei har drive næringsverksemd i Nederland i mange år før dei flytta til Fjone. Ønsket er nå å busette seg på Fjone og å drive kafeen saman.

Alkoholprøva for skjenkeløyve, samt etablerarprøva for serveringsverksemder er ikkje tatt endå pga. språklege utfordringar. Planen er at Henrik Dijkstra skal ta desse prøvene i løpet av vinteren 2019/2020, mens Leo Kievit tek prøvene våren 2020.

I år har kafeen hatt opent 7 dagar i veka i skulens sommarferie. Ut over dette har dei hatt stengt på måndagar, men elles opent. Kafeen vil vere stengt frå starten av oktober til starten av mai neste år, då dette er lågsesong. I denne perioden vil drivarparet vere i Nederland. Frå 1. mai til midten av juni, samt midten av august – ut september vil der vere opent torsdag – søndag. I perioden 15. juni – 15. august vil kafeen vere open sju dagar i veka.

Ferjekafeen er eit verdifullt tilskot til næringslivet i Nissedal kommune, og ikkje minst på Fjone. Den har ein god kundekrets både lokalt, blant hytteigarar og turistar, og ein veit at i den tida kafeen er stengt er det eit sakn i bygda. I tillegg leverer kafeen mat på bestilling.

Ferjekafeen har i sommar hatt to faste tilsette i fulle stillingar.
Rådmannen meiner at størrelsen på tilskotet bør vere noko mindre enn til næringar med heilårsdrift.

Næringsfondet har pr. 12.09.2019 ein saldo på kr. 72.000.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå søknaden frå Leo og Yvonne Kievit. Då det pr. i dag kun er drift halve året vel rådmannen å løyve kr. 15.000 til Fjonesundet Kafè.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

NISSEDAL KOMMUNE
Sak.nr. 19/999-1 Dato 19/8-19

Nissedal Kommune
v. Rådmann Sverre Sæter
3855 Treungen

Fjone 01.08-2019

Søknad om etableringstilskot

Underteknede Leo og Yvonne Kievit søker hermed Nissedal kommune om etableringstilskot på kr. 30.000,- i forbindelse med overtakelse og drift av ferjekafeen på Fjone.

Om oss.
Vi er henholdsvis 52 og 49 år gamle og har drevet/eiet næringsvirksomhet i Nederland i mange år m.a. restaurant med 15 ansatte., byggevarefirma med 15 ansatte, utleiing av turistbåter m. 10 sengeplasser.

Med unntak av 1 turistbåt er disse virksomhetene solgt/avhendet.

Vi har i en rekke år besøkt Norge, og spesielt Fjone, og ønsker å bosette oss her på permanent basis.

Leo er utdannet mekaniker, maskinfører, og yrkessjåfør, har båtsertifikat, og vil i lavsesongen for kafeen søke arbeid innen disse yrkene, og har allerede etablert god kontakt med 2 lokale selskaper.

Med vennlig hilsen

Leo Kievit

Yvonne Kievit
Kievit-Derkse

NISSEDAL KOMMUNE
Sak.nr. 19/999-5 Dato 12/9-19

Fjonesundet Kafé

v/Kievit Leendert Adrianus

Fjonevegen 2555

3855 Treungen

Fjone 31 august 2019

Nissedal kommune

Rådman Sverre Sæter

3855 Treungen

Ærede Sverre Sæter,

Her er bedriftsplannen for Fjonesundet Kafé.

Våre mål for de neste årene er å gjøre Fjonesundet Kafé og Fjone Ferge til næring som går med overskudd og en trivelig sted for både lokal befulkning og turister. Denne vinter skal vi dra tilbake til Nederland fo å avvikle og sege vår bedrift der. Også skal vi tå et kurs i Norsk både skriftlig og språk.

Ved siden av nødvendige forbedringer for å drive et vellyket kafé er der også flere ønsker og fordedringer rund kafeen. Med tanken på å bygge et ny uthus på bakside av kfeen, og bygge en nye garasjen på baksiden av kafeen vi tenker på å gjøre det slik, forlengelse av taket til eiendoms grense.

Ektsra kjølerom og en fryserom og tenker og bygge denne i den nye garasjen eller uthus. Bygge ut terrasse på Nisser side på en størrelse av ca 70 kvm, met et glass skjerm rund de hele og en milighet å grille på terrassen.

En ny båtbrygge og det plasseres i god samarbeid og samtale med både grunneier og kommunen.

Målgruppe:

- Lokal befolkning;
- Turister;
- Gjester med fritidsbåt;
- Gjester i alle aldersgrupper.

Hvorvhar vi å by på:

- Terasse med flott utsikt;
- Eigen strandlinje;
- Båtbrygge;
- Enkle middagsretter, evt. vegetarisk, hjemmelagemat;
- Kaffe, te;
- Kald drikke;
- Forskjellige typer øl gruppe 1;
- Forskjellige typer vin gruppe 2;
- Forskjellige typer brennevin gruppe 3.

Tilbyr også mulighet til å holde:

- Lukket fest;
- Å holde møter;
- Catering.

August 2019:

- Søknad salg og skjenkebevilgning igjenom kommunens hjemme side;
- Undertegning leie kontrakt med kommunen.

September 2019:

- 2 September oppmøte ved Grenland Politi, innvandrings kontor på Myren 7, 3718 Skien;
- 5 September oppmøte med skatteetaten i Skien klokke 12.30.

Vinter 2019/2020:

- Leo og Yvonne på Norsk kurs i Nederland;
- Henk Dijkstra Fjone Ferge tår salg og skjenkebevilgning eksam, Han blir også den foreløpige drifts ansvarlige.

Våren 2020:

- Leo Kievit, kommer til å tå salg og skjenke bevilgnings eksam:
- Info angænde opplærning skipper for Fjone Fergje til Leo Kievit

Åpningtider Fjonesundet Kafé 2020:

- 1 mai til 15 juni torsdag, fredag, lørdag og søndag;
- 16 juni til 15 august 7 dager i uka;
- 16 august til 30 september torstdag, fredag, lørdag og søndag;
- 1 oktober til 31 oktober ferie;
- 1 november til jul fredag og lørdag.

Investeringer 2020-2022:

- Ny terrasse med grill muligheter ca 70 kvm på Nisser side av kafeen (80.000,- nok);
- Nye terrasse mobler til 50 personer;
- Ny inventar til kafeen 40 personer;
- Nytt kjøkken (200.000,- nok) kapasitet til 100 personer;
- Ny båtbrygge (80.000,- nok) ca 25 meter lang;
- Bygge garasje på bakside av kafeen;
- Rive gamle uthus og bygge et nytt på samme plass;
- Nye kjøll- og fryselager.

Den investeringer som vi har tenkt å gjennomføre i denne periodes kommer til et budsjett på ca 800.000,- nok og skal skje med hjelp av lokale entrepenører og gjøre mye selv.

For å gjennomføre denne investeringer på en ansvarlig måte og å sikre en levedyktig næringsvirksomhet, er der noe thing vi ønsker å få på plass:

- Blir ferdig med tomtegrenser sa raskt som mylig, og avklaring angænde sleperett på bakside av kafeen;
- Tå over ferge drift i 2021 men helst tidliger hvis det seg kjøre (med eventuelt overtakelse plan fra kommunen);
- Å få kafeen kjøpt av kommunen;
- Å få tillatelse for å ha båtbrygge.

Å få avklart eiendom grense slik at planen for ny garasje og uthus kan gjennomføres.

Overtakelse av Ferge drift er en viktig innteksgilde voor oss, nå hovedseisongen er over.

Det som vi har snakket om tidligere for å få kafeen kjøpt vil gjøre det mye enklere å få lån i banken, slik at de ønskede investeringer raskere kan gjennomføres.

For å ha en båtbrygge er veldig viktig for kafeen i hensynn til omsetningen. Vi vet nå at der problemer med den brygge som liger her nå. Da vi overtok kafedrift tidligere i år viste vi ingenting om dette problem som foreliger, men ønsker at problemen blir løst før vi starter op igjen om våren 2020.

Når vi er bortreist denne vinter periode er det Henk Dijkstra som er kontakt person voor oss, hvis det skulle være noe eller skulle skje noe kontakter han kommunen, og mosstat.

Tel.nr Henk Dijkstra 4693 4073.

Vi håper for å ha gitt dere nok information angænde våre framtidsplaner. Hvis det skulle flere spørsmål fra deres side er vi selvfølgelig villig til å svare på spørsmålene.

Epost adresse er l.a.kievit@gmail.com ellers gjennom Altinn i tilfelle av skriftig korrespondense.

Med vennlig hilsen,

Leo og Yvonne Kievit.

Nissedal kommune

Arkiv:	223
Saksmappe:	2019/1265-2
Sakshandsamar:	Hildegunn Rønningen
Dato:	15.10.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	112/19	24.10.2019

Søknad om midlar til kjøp av jolegatelys i Treungen sentrum - Nissedal næringslag

Vedlegg:
1 Søknad om midlar til jolegatelys i Treungen sentrum

Fakta i saka:

Nissedal næringslag søkjer Nissedal kommune om kr. 20.000 til lyslenkjer for å lyssette trea (11 stk.) langs RV41 i Treungen sentrum i samband med jolegata og andre høve.

Vurdering:

Næringslaget ønskjer å gjere meir ut av jolegata i sentrum, og ser for seg å henge opp lyslenkjer i led i eksisterande tre langs riksvegen. Lenkjene er tenkt å henge fast på trea året rundt og kan med dette også brukast i andre høve. Nissedal næringslag har eit budsjett for lyslenkjer og anna utstyr på kr. 40.000 der næringslaget søkjer om kr. 20.000 av kommunen. Dei resterande midlane vil næringslaget sjølv stå for gjennom eigenkapital og tilskot frå næringslivet. I tillegg skal utstyret monterast på dugnad av næringslaget og handelsnæringa.

Næringslaget ser på dette hovudsakeleg som ei eingongsinvestering då ein reknar med lang levetid på lyslenkjene. Det vil nok bli behov for utbytting av enkelte lenker etterkvart, men dette ser næringslaget på som låge kostnadar fordelt ut over fleire år.

Nissedal næringslag, og tidlegare handelsnæringa i Treungen, har i mange år stått for opninga av jolegata i Treungen sentrum i samarbeid med Nissedal kommune. Arrangementet skjer fredagen før fyste søndag i advent og inneber tenning av joleter både langs RV 41 (mellom Spar og brua) og utanfor legekontoret, tenning av «joletreet» på Skuggenatten, fyrverkeri, fakkel/glow-sticks-tog for ungane, nissebesøk med gåver og tale frå ordførar og leiar i næringslaget. Mesteparten av arbeidet blir gjort på dugnad, fordelt på næringslaget, handelstanden, skuleklasser, kommunen og ikkje minst frivillige.

Både fastbuande, handelsstanden, hyttebuarar og turistar set pris på jolegata og «joletreet» på Skuggenatten og gjev tilbakemelding på dette, særleg til handelsstanden.

Ein kunne sjå føre seg at søknaden burde ha gått til eining for kultur, men eining for kultur har ikkje budsjettmidlar til slike tiltak.

Hovudføremålet til det kommunale næringsfondet er blant anna å «fremje ..... stadsutvikling» i kommunen.

Rådmannen meiner ein kan sjå denne søknaden opp mot hovudføremålet til det kommunale næringsfondet med vekt på stadsutvikling.

Næringsfondet har pr. 15.10.19 ein saldo på kr. 72.000.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå Nissedal næringslag og løyver kr. 20.000 til innkjøp av lyslenkjer.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Nissedal Næringslag

3855 Treungen Treungen 14.10.2019

Nissedal kommune

Tveitsund

3855 Treungen

Søknad om midlar til kjøp av jolegatelys i Treungen Sentrum

Nissedal Næringslag ynskje å gjere meir ut av jolegata gjennom Treungen sentrum. Næringslaget har laga ein plan for å lyssetje trea som er mellom gangvegen og parkeringsplassen forbi kommunehuset, og mot brua. (11 stk).

Det er tenkt å fylle desse med lyslenkjer. Desse er tenkt å vere fast på trea heile året, og kan difor brukast til andre høve.

Budsjett for investeringar i lys og utstyr er ca 40.000,-. Næringslaget tek halve kostnaden, dersom kommunen kan støtte med dei resterande 20.000,-.

I tillegg til kostnaden, vil næringslaget montere utstyret på dugnad.

Med vennleg helsing

Nissedal Næringslag

Roald Nomme

Formann

Nissedal kommune

Arkiv:	232
Saksmappe:	2019/1251-2
Sakshandsamar:	Jarle Bruun Olsen
Dato:	10.10.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	113/19	24.10.2019

Søknad om fritak for eigedomsskatt - gnr. 4, bnr. 13

Fakta i saka:

Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang
Gnr. 4, bnr. 13 (eigar Atle Vaa) brann ned til grunnen 24. september 2019.

Denne eigedomen var skrivi ut med ein eigedomskattetakst på kr 651.000, som gir ein eigedomsskatt på kr 1.302.

I søknad av 8. oktober søkjer Vaa om fritak for eigedomsskatt, på bakgrunn av brannen.

I § 4 i eigedomsskattelova står det i første ledd:
"Eigedomsskatt vert skriven ut på dei faste eigedomane ut frå tilhøva den 1. januar i skatteåret."

Vidare står det i § 28:
"Gjer særlege grunnar at det kom til å verta særs urimeleg om heile eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevast av formannskapet."

Lovgrunnlaget
Eigedomskattelova §§ 4, 14, 28.

Vurdering:

Eigedomsskattelova er tydelig på at det berre er formannskapet som har kompetanse til å ettergje eigedomsskatt. Så sjølv om det er tale om mindre/bagatellmessige summar, så er det berre formannskapet som kan ta stilling til ettergjeving av eigedomsskatt. Det er ikkje opna for å delegere dette myndet.

Etter eigedomskattelova § 4 skal ein eigedom som t.d. blir totalskadd ved brann, betale utlikna eigedomsskatt ut året. Så ved utskriving året etter vil det blir teke omsyn til at verdien (pr. 01.01.) er endra. Ved oppføring av nytt hus på eigedomen vil det så bli gjennomført ny takst. Dersom nytt hus er ferdigstilt i februar vil dette ikkje bli skattlagt før året etter.

Men så opnast det for å gjere unnatak frå denne regelen i § 28. I uttale frå Finansdepartementet er brann nemnd som ein årsak som kan inngå i *"særlege grunnar"* jf.

§ 28. I KS sin rettleiar om "Nedsettelse og ettergivelse av eiendomsskatt" står:
"Rettferdighetsgrunner tilsier at skatten bør settes ned helt eller delvis for det skatteåret bygningen brant ned, siden skattegrunnlaget ikke lenger finnes."

I dette tilfellet brann huset heilt ned og verdi jf. kommunen sine eigedomskattereglar vil vere 0. Ved utskriving for 2020, vil eigedomsskattetaksten då høgst truleg vere 0. Dette under føresetnad av at nytt hus ikkje er ferdigstilt innan årsskifte (som er særs lite truleg). Uansett vil utskriving for 2020 ikkje vere ei problemstilling. Anten er nytt hus ikkje ferdig og då vil takst/eigedomskatt vere 0 eller så er ny bustad ferdig og takst/eigedomsskatt vil bli skriven ut etter takst på ny bustad. Det blir eigedomskatt for 2019 som blir vurderinga for søknaden om ettergjeving. På bakgrunn av uttale frå Finansdepartementet og rettleiar frå KS er brann er gyldig grunn for nedsetjing av eigedomsskatten. Det vert tilrådd at eigedomsskatt for 4. termin (oktober – desember) vert ettergitt.

Etter brannen står det att ein garasje på eigedomen. Denne garasjen gir isolert kr 50 i eigedomskatt pr. år. Jf. § 14 i eigedomsskattelova, 2. ledd skal det ikkje skrivast ut eigedomskatt på ein eigedom om skatten er mindre enn kr 50.

Konklusjon:
Det synast klart at søknaden om fritak er innafor det § 28 i eskl. Opnar for å gje fritak for. (jf. rettleiing utarbeidd av KS).

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir fritak for eigedomsskatt for perioden 4. termin 2019 for gnr. 4, bnr. 13. (utgjer kr 325,-) Eigedomen får fritak for eigedomsskatt fram til året etter at ny bustad på eigedomen er ferdigstilt/kan takast i bruk. .

Nissedal kommune

Arkiv:	033
Saksmappe:	2019/1245-2
Sakshandsamar:	Karl Otto Lauvlid
Dato:	16.10.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	114/19	24.10.2019

Referat- og drøftingssaker

Vedlegg:

1) Møtebok frå 29.08.2019
2) Delegerte vedtak plankontor 20.08.2019 – 16.10.2019
3) Brev 20.09.2019 frå Nissedal kommune til Kyrkjebygdheia AS
4) Brev 09.10.2019 frå Halvor Grimstvedt til Nissedal kommune
5) Brev 03.10.2019 frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark
6) Brev 16.10.2019 til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

Saker:

A) Godkjenning av møtebok
B) Delegerte vedtak plankontor
C) Gnr.10, bnr.1 – Vedk. driftskonsesjon Bakkebufjell massetak
D) Gnr.38, bnr.599 – Vedk. oppheving av vedtak
E) Aktuelt frå rådmannen

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap tek referat- og drøftingssakene til vitande.

Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Formannskapet**
Møtestad: Ordførarkontoret, Kommunehuset
Dato: 29.08.2019
Tidspunkt: 08:30 – 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP/KRF
Geir Christian Enger	Varaordførar	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H
Kristine Sandall	Medlem	SP/H

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Runa Vee Tveit	MEDL	AP/KRF

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Paul Willy Setane	Runa Vee Tveit	AP/KRF

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn og utvikling (sakene 96 og 97)
Kristin K. Vaa	Einingsleiar teknisk (sakene 96 og 97)
Jarle B. Olsen	Kommunalsjef økonomi (sak 95)
Sveinung Seljås	Plansjef (sakene 82 til 90)
Magne Skarprud	Konsulent miljø og utmark (sak 99)
Pål Øyvind Brattekleiv	Avdelingsleiar teknisk (sak 99)
Hildegunn Rønningen	Næringskonsulent (sak 99)

Frå saksnr.: 77/19
Til saksnr.: 102/19

Halvor Homme
ordførar

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 77/19	Søknad om motorferdsel i utmark - bruk av ATV	
PS 78/19	N - Klage på avslag på søknad om konsesjon - 37/8 og 26 - Heimdal søndre	
PS 79/19	N - Søknad om å dele frå fallrett og tomt til kraftstasjon frå eigedomane - 45/8 - x, 45/92 - x, 45/1	
PS 80/19	N - Søknad om konsesjon for å leige fallrett og å kjøpe ei ubygd tomt til kraftstasjon på eigedomane - 45/8 - Moland, 45/92 - Hagane og 45/1 - Haugsjaasundet.	
PS 81/19	N - 45/1 - 45/8 - 45/92 - Åmotfoss kraftverk - Frådelingar - dispensasjon	
PS 82/19	N - 33/2 - Juvavegen 736 - Ervedalen - Tilbygg utleigehytte - dispensasjon	
PS 83/19	N - 4/2 - Grovum nedre - Frådeling av tre tomter til fritidsbustader - plankrav - dispensasjon	
PS 84/19	N - 14/1 - Buvatn hyttefelt - Frådeling av byggeområdet m.m. - dispensasjon	
PS 85/19	N - 38/328 - Rosstjønnvegen 28 - Bygging av bod - maksimalt bruksareal - dispensasjon	
PS 86/19	N - 38/370 - Bjønntjønn tomt 106 - Bruksendring - mellombels dispensasjon	
PS 87/19	N - 14/1 - Buvatn hyttefelt - Frådeling av festetomter - reguleringsplankrav - dispensasjon	
PS 88/19	N - Søknad om å dele frå eit hytteområde ved Buvatn - jordlovsbehandling - 14/1 - Tveitane	
PS 89/19	N - 38/599 - Felehovet nord 358 - Byggesøknad - fritidsbustad - endra godkjenning - ny klage	
PS 90/19	N - 28/26 - Fjonevegen 2559 - Tilbygg/ombygging fritidsbustad og naust/brygge - dispensasjon	
PS 91/19	Søknad om etableringstilskot frå Ferjekafeen på Fjone	
PS 92/19	Søknad om næringstilskot frå Jermansen Media	
PS 93/19	Søknad om støtte til Klatrefestivalen 2019	
PS 94/19	Parkering og trafikksikring ved Treungen kyrkje - auka låneramme	
PS 95/19	Telemark innkjøpssamarbeid kommunalt oppgåvefellesskap (KO) - godkjenning av samarbeidsavtale	
PS 96/19	Utbygging av VA-nett til Kragerøåsen/Felehovet Sør	
PS 97/19	Utbygging av kommunalt vass- og kloakknett i byggeområdet Øverlandsheia	
PS 98/19	Fordeling av kulturmidlar og prosjektmidlar 2019	
PS 99/19	Referat- og drøftingssaker	
PS 100/19	Kulturpris 2019	X
PS 101/19	N - 45/28 - Omlegging av veg til Berli kraftstasjon - dispensasjon	
PS 102/19	N - 34/158 - Rosstjønnvegen 78 - Ny bod - m.a. avstand til tomtegrense - dispensasjon	

Saker til behandling

PS 77/19 Søknad om motorferdsel i utmark - bruk av ATV

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir Technogarden v/ Anders Høifødt løyve til å bruke ATV frå bilveg og fram til anlegga på Husfjellet, Skuggenatten og Dalsnipen.
Det er eit vilkår at køyringa følgjer eksisterande køyrespor fram til anlegga.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir Technogarden v/ Anders Høifødt løyve til å bruke ATV frå bilveg og fram til anlegga på Husfjellet, Skuggenatten og Dalsnipen.
Det er eit vilkår at køyringa følgjer eksisterande køyrespor fram til anlegga.

PS 78/19 N - Klage på avslag på søknad om konsesjon - 37/8 og 26 - Heimdal søndre

Det er ingen monaleg forandring i livssituasjonen til klagar som seier at ho ikkje kan busetja seg på garden. Søknaden om utsett buplikt skulle difor uansett ha vore handsama hjå kommunen før ho fekk tinglyst heimel til eigedomen. Det er heller ikkje lagt fram nye opplysningar som styrkjer Ben Shmuel si klage på formannskapet sitt vedtak og ein vil difor ikkje tilrå å ta klaga til fylgje.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap tek ikkje klaga til fylgje. Saka vert sendt til fylkesmannen som klageinstans. Vedtaket er gjort i samsvar med forvaltingslova §33.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap tek ikkje klaga til fylgje. Saka vert sendt til fylkesmannen som klageinstans. Vedtaket er gjort i samsvar med forvaltingslova §33.

PS 79/19 N - Søknad om å dele frå fallrett og tomt til kraftstasjon frå eigedomane - 45/8 - x, 45/92 - x, 45/1

Både leige av fallretten og å dele frå tomta til kraftverket krev samtykke til deling i samsvar med jordlova §12.

Areala som skal delast frå eigedomane er relativt små i forhold til arealressursane på eigedomane. Å dele frå tomteareala har lite å seie for bruksstrukturen. Vi kan heller ikkje sjå at det vil gi vesentlege driftsmessige ulemper for landbrukseigedomane eller for driftsforholda i området.

Det krev store investeringar å utnytte fallretten. Å leige bort fallrett er derfor vanleg. Det gir inntekt til landbrukseigedomen utan at eigaren må investere sjølv. Utleige er ofte den einaste måten ein kan få utnytta denne ressursen på. På grunn av store investeringar og lang leigetid er det forståeleg at leigetakaren ønskjer å kjøpe tomta til kraftverket sjølv om leigeavtala gir rett til å bygge kraftverket på utleigarane sine eigedomar.

Leigeavtala punkt 12.3 gir utleigarane rett til å ta over kraftverket til takst dersom leigeavtala blir sagt opp eller går ut. Dette må også gjelde tomta.

Tiltaka medfører bruksendring av areal og endringar i vassdraget. Konsekvensane for miljøet er vurdert grundig i samanheng med konsesjonsbehandlinga i NVE, og dei er rekna som forsvarlege i og med at NVE har gitt konsesjon.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir samtykke til å dele frå fallretten i Nidelva mellom kote 157,7 og kote 152,0 ved middelvassføring og ei om lag 9,2 dekar stor tomt til kraftverk ved Åmotsfoss i Nidelva frå eigedomane Haugsjaasundet 45/1, Moland 45/8 og Hagane 45/92 i samsvar med leigeavtala med Åmotsfoss kraft AS og kjøpeavtalene. Samtykket blir gitt på vilkår av at punkt 12.3 i leigeavtala om utleigarane sin rett til å overta anlegga også gjeld tomta.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir samtykke til å dele frå fallretten i Nidelva mellom kote 157,7 og kote 152,0 ved middelvassføring og ei om lag 9,2 dekar stor tomt til kraftverk ved Åmotsfoss i Nidelva frå eigedomane Haugsjaasundet 45/1, Moland 45/8 og Hagane 45/92 i samsvar med leigeavtala med Åmotsfoss kraft AS og kjøpeavtalene. Samtykket blir gitt på vilkår av at punkt 12.3 i leigeavtala om utleigarane sin rett til å overta anlegga også gjeld tomta.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

PS 80/19 N - Søknad om konsesjon for å leige fallrett og å kjøpe ei ubygd tomt til kraftstasjon på eigedomane - 45/8 - Moland, 45/92 - Hagane og 45/1 - Haugsjaasundet.

Konsesjonsloven §§ 2 og 3 seier at fast eigedom ikkje kan leigast for lengre tid enn 10 år eller kjøpast utan løyve frå kommunen bortsett frå i dei tilfella som er nemnt i lova. Det er nemnt unntak i §§ 2,4 og 5. Leigeavtala og tomtekjøpet samsvarer ikkje med nokon av unntaka og krev derfor konsesjon. Vi skal vurdere søknadene i samsvar med §§ 1 og 11 der det mellom anna heiter:

«§ 1.(lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinteresser.
5. hensynet til bosettingen.

§ 11.(vilkår for konsesjon)

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad...»

Punkt 2 og 4 i formålsparagrafen er dei viktigaste momenta i denne saka.

Dersom ein konsesjonssøknad føreset deling av eigedom, må delingsspørsmålet avgjerast før konsesjonsspørsmålet. Jordlovsaka om deling blir behandla i same møte som konsesjonssaka, og den er lagt fram med positiv innstilling. Omsynet til landbruksnæringa er vurdert i delingssaka, og tiltaket er forsvarleg for landbruksnæringa på vilkår av at punkt 12.3 i leigeavtala om utleigarane sin rett til å oveta anlegga også gjeld tomta. Vi bør sette det same vilkåret for å gi konsesjon.

Omsynet til miljøet, naturverninteresser og friluftsinteresser er vurdert av NVE, fylkesmannen og kommunen i samanheng med konsesjonssøknaden til NVE. Tiltaket er rekna som forsvarleg i forhold til desse omsyna og naturmangfaldlova i og med at konsesjon er gitt.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir konsesjon til Åmotsfoss kraft AS til å leige fallretten i Nidelva mellom kote 157,7 og kote 152,0 ved middelvassføring og å kjøpe ei om lag 9,2 dekar stor tomt til kraftverk ved Åmotsfoss i Nidelva frå eigedomane Haugsjaasundet 45/1, Moland 45/8 og Hagane 45/92 i samsvar med leigeavtala med Åmotsfoss kraft AS, kjøpeavtalene og konsesjonssøknadene 18.06.2019. Konsesjon blir gitt på vilkår av at punkt 12.3 i leigeavtala om utleigarane sin rett til å overta anlegga også gjeld tomta.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§ 1, 2, 3 og 11.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir konsesjon til Åmotsfoss kraft AS til å leige fallretten i Nidelva mellom kote 157,7 og kote 152,0 ved middelvassføring og å kjøpe ei om lag 9,2 dekar stor tomt til kraftverk ved Åmotsfoss i Nidelva frå eigedomane Haugsjaasundet 45/1, Moland 45/8 og Hagane 45/92 i samsvar med leigeavtala med Åmotsfoss kraft AS, kjøpeavtalene og konsesjonssøknadene 18.06.2019. Konsesjon blir gitt på vilkår av at punkt 12.3 i leigeavtala om utleigarane sin rett til å overta anlegga også gjeld tomta.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§ 1, 2, 3 og 11.

PS 81/19 N - 45/1 - 45/8 - 45/92 - Åmotfoss kraftverk - Frådelingar - dispensasjon

Rådmannen vil tilrå at det blir gitt dispensasjon for frådelingar frå g/bnr 45/1, 45/8 og 45/92 slik det er søkt om.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon for frådeling av ei tomt på ca. 9 dekar frå eigedomane g/bnr. 45/1, 45/8 og 45/92, slik det er søkt om. Tomta skal nyttast til kraftstasjonsbygg ved utbygginga av Åmotsfoss.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon for frådeling av ei tomt på ca. 9 dekar frå eigedomane g/bnr. 45/1, 45/8 og 45/92, slik det er søkt om. Tomta skal nyttast til kraftstasjonsbygg ved utbygginga av Åmotsfoss.

PS 82/19 N - 33/2 - Juvavegen 736 - Ervedalen - Tilbygg utleigehytte - dispensasjon

Lovvilkåra for å kunne gje dispensasjon er oppfylte.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF og i vassdragsnær sone for eit tilbygg til utleigehytta på g/bnr. 33/2 ved Ervedalsvatnet slik det er søkt om.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF og i vassdragsnær sone for eit tilbygg til utleigehytta på g/bnr. 33/2 ved Ervedalsvatnet slik det er søkt om.

PS 83/19 N - 4/2 - Grovum nedre - Frådeling av tre tomter til fritidsbustader - plankrav - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå arealføremålet byggeområde, bustader, og frå reguleringsplankravet, for frådeling av tre tomter til fritidsbustader på g/bnr. 4/2, i samsvar søknaden (kartvedlegget).
Dispensasjonane er gitt på desse vilkåra:

- Tomtene skal ikkje vere større enn 1500 m2.
- Tomtene skal ha tinglyst vegrett i privat vegnett, frå offentleg veg (Nordbygdvegen) til tomtegrensa.
- Hovudbygget på kvar tomt kan byggast/utvidast til inntil 120 m2 BRA (bruksareal).
- Hovudbygget på kvar av dei to ubygde tomtene skal oppfylle tekniske krav til heilårsbustad og koplast til kommunalt vatn- og avløpsnett i området.

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for dei tre tomtene det er søkt om.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Omforeina endringsframlegg: Søknaden vert ikkje kome i møte.

Votering: samrøystes for endringsframlegget.

Vedtak

Søknaden vert ikkje kome i møte.

PS 84/19 N - 14/1 - Buvatn hyttefelt - Frådeling av byggeområdet m.m. - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå deleforboda i LNFR-areal og i vassdragsnær sone for frådeling av byggeområda m.m. på g/bnr 14/1 ved Buvatn, slik det er søkt om. Arealet må sikrast vegrett i eksisterande privat vegnett, frå offentleg veg og fram til det frådelte området.
Det blir samstundes, i medhald av pbl §20-1 m), gitt delingsløyve for frådelinga.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå deleforboda i LNFR-areal og i vassdragsnær sone for frådeling av byggeområda m.m. på g/bnr 14/1 ved Buvatn, slik det er søkt om. Arealet må sikrast vegrett i eksisterande privat vegnett, frå offentleg veg og fram til det frådelte området.
Det blir samstundes, i medhald av pbl §20-1 m), gitt delingsløyve for frådelinga.

PS 85/19 N - 38/328 - Rosstjønnvegen 28 - Bygging av bod - maksimalt bruksareal - dispensasjon

Lovvilkåra for å kunne gje dispensasjon, jf. faktadelen, er ikkje oppfylte. Rådmannen vil difor tilrå å avslå søknaden.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap avslår å gi dispensasjon frå føresegna om maksimalt bruksareal 160 m2 for bygging av bod på tomt 46 i Støylsheia nord, slik det er søkt om.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap avslår å gi dispensasjon frå føresegna om maksimalt bruksareal 160 m2 for bygging av bod på tomt 46 i Støylsheia nord, slik det er søkt om.

PS 86/19 N - 38/370 - Bjønntjønn tomt 106 - Bruksendring - mellombels dispensasjon

ksendring slik det er søkt om.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 og 19-3 mellombels dispensasjon for å nytte fritidsbustaden på g/bnr. 38/370 som heilårsbustad. Dispensasjonen er gitt for tida fram til 01.10.20, og på vilkår av at søkarane har si bustadresse her i denne perioden. Renovasjonsordninga for 38/370 blir derimot som for ein fritidsbustad også i dispensasjons-perioden.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 og 19-3 mellombels dispensasjon for å nytte fritidsbustaden på g/bnr. 38/370 som heilårsbustad. Dispensasjonen er gitt for tida fram til 01.10.20, og på vilkår av at søkarane har si bustadresse her i denne perioden. Renovasjonsordninga for 38/370 blir derimot som for ein fritidsbustad også i dispensasjons-perioden.

PS 87/19 N - 14/1 - Buvatn hyttefelt - Frådeling av festetomter - reguleringsplankrav - dispensasjon

Rådmannen vil tilrå dispensasjonar frå plankravet for frådeling av 17 festetomter og ei ny tomt, slik det er søkt om.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå reguleringsplankravet for frådelingar av inntil 17 eksisterande festetomter til sjølveigartomter og ei ny sjølveigartomt etter framlagt tomtedelingsplan.
Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for dei 18 tomtene i samsvar med tomtedelingsplanen. Det er eit vilkår at ingen av tomtene blir over 2000 m2.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Omforeina endringsframlegg:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå reguleringsplankravet for frådelingar av inntil 17 eksisterande festetomter til sjølveigartomter.

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for dei 17 tomtene i samsvar med tomtedelingsplanen. Det er eit vilkår at ingen av tomtene blir over 2000 m2

Votering: samrøystes for endringsframlegget.

Vedtak

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå reguleringsplankravet for frådelingar av inntil 17 eksisterande festetomter til sjølveigartomter.

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for dei 17 tomtene i samsvar med tomtedelingsplanen. Det er eit vilkår at ingen av tomtene blir over 2000 m2.

PS 88/19 N - Søknad om å dele frå eit hytteområde ved Buvatn - jordlovsbehandling - 14/1 - Tveitane

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir samtykke til å dele frå om lag 20 dekar i LNF-område frå eigedomen Tveitane 14/1 ved Buvatn på Kyrkjebygdheia i samsvar med søknaden frå Olav Inge Nordbø 21.05.2019.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir samtykke til å dele frå om lag 20 dekar i LNF-område frå eigedomen Tveitane 14/1 ved Buvatn på Kyrkjebygdheia i samsvar med søknaden frå Olav Inge Nordbø 21.05.2019.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

PS 89/19 N - 38/599 - Felehovet nord 358 - Byggesøknad - fritidsbustad - endra godkjenning - ny klage

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap tek ikkje klaga til fylgje. Løyvet i byggesak 052/19 med endringsvedtak i formannskapssak 067/19 blir tilrådd oppretthalde.
Klaga går til Fylkesmannen til endeleg avgjerd.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap tek ikkje klaga til fylgje. Løyvet i byggesak 052/19 med endringsvedtak i formannskapssak 067/19 blir tilrådd oppretthalde.
Klaga går til Fylkesmannen til endeleg avgjerd.

PS 90/19 N - 28/26 - Fjonevegen 2559 - Tilbygg/ombygging fritidsbustad og naust/brygge - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF og i vassdragsnær sone for eit tilbygg til fritidsbustaden, for ombygging av naustet, etablering av ein treplatting rundt dette og for flytting av flytebrygga på g/bnr. 28/26, slik det er søkt om.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF og i vassdragsnær sone for eit tilbygg til fritidsbustaden, for ombygging av naustet, etablering av ein treplatting rundt dette og for flytting av flytebrygga på g/bnr. 28/26, slik det er søkt om.

PS 91/19 Søknad om etableringstilskot frå Ferjekafeen på Fjone

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå søknaden frå Leo og Yvonne Kievit. Då det pr. i dag kun er drift halve året og løyver kr. 15.000 til Ferjekafeen.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Utsettingsframlegg frå Halvor Homme, AP: Saka utsettast

Votering: samrøystes for utsettingsframlegget

Vedtak

Saka utsettast.

PS 92/19 Søknad om næringstilskot frå Jermansen Media

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå Jermansen Media og løyver kr. 15.000,- til innkjøp av fjernstyrt kamera.

Løyvinga vert tatt frå KMD-fondet og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Omforeina endringsframlegg:

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå Jermansen Media og løyver kr. 25.000,- til innkjøp av fjernstyrt kamera.

Løyvinga vert tatt frå KMD-fondet og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Votering: samrøystes for endringsframlegget

Vedtak

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå Jermansen Media og løyver kr. 25.000,- til innkjøp av fjernstyrt kamera.

Løyvinga vert tatt frå KMD-fondet og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

PS 93/19 Søknad om støtte til Klatrefestivalen 2019

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap ser positivt på søknaden frå Treungen IL v/klatregruppa, og løyver kr. 10.000,- til innkjøp av utlånsutstyr.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Utsettingsframlegg frå Halvor Homme, AP: saka utsettast.

Geir Chr. Enger spurte om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fann samrøystes Enger ugild i å vere med på å handsame saka.

Votering: samrøystes for utsettingsframlegget.

Vedtak

Saka utsettast

PS 94/19 Parkering og trafikksikring ved Treungen kyrkje - auka låneramme

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre godkjenner låneopptak til Nissedal fellesråd på kr 887.000 til fullfinanseiring av utviding av parkering og trafikksikring ved Treungen kyrkje. Dette kjem i tillegg til vedtak om låneopptak gjort i kommunestyresak 54/18.

Auke i overføring til fellesrådet (kr 62.000) vert å innarbeide i budsjett 2020.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Redaksjonell endringsframlegg: Tillegg etter 1. setning: Lånet vert tatt opp med 20 års nedbetalingstid og på flytende rente.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding med redaksjonelle endring.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre godkjenner låneopptak til Nissedal fellesråd på kr 887.000 til fullfinanseiring av utviding av parkering og trafikksikring ved Treungen kyrkje. Lånet vert tatt opp med 20 års nedbetalingstid og på flytende rente. Dette kjem i tillegg til vedtak om låneopptak gjort i kommunestyresak 54/18.

Auke i overføring til fellesrådet (kr 62.000) vert å innarbeide i budsjett 2020.

PS 95/19 Telemark innkjøpssamarbeid kommunalt oppgåvefellesskap (KO) - godkjenning av samarbeidsavtale

Kostnaden går opp, ved dette samarbeidet og bredda i kompetanse blir nok høgst truleg redusert. Men på den annen side vil kommunen sitt høve til å påverke innhald/utforming på innkjøpsavtaler auke, ved å gå in i eit mindre samarbeid som dette.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre godkjenner samarbeidsavtale om skiping av «Telemark innkjøpssamarbeid KO» slik den er lagt fram, Med Midt-Telemark kommune som vertskommune.

Medlem/varamedlem til representantskapet, jf. pkt. 2.1 i samarbeidsavtala, blir valt i samband med fordeling/val av politiske verv i etterkant av kommunevalet.

Rådmannen vert delegert å oppnemne kontaktperson, jf. pkt. 2.4 i samarbeidsavtala.

Auke i kostnader (kr 132.000) vert å innarbeide i budsjett for 2020.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre godkjenner samarbeidsavtale om skiping av «Telemark innkjøpssamarbeid KO» slik den er lagt fram, Med Midt-Telemark kommune som vertskommune.

Medlem/varamedlem til representantskapet, jf. pkt. 2.1 i samarbeidsavtala, blir valt i samband med fordeling/val av politiske verv i etterkant av kommunevalet.

Rådmannen vert delegert å oppnemne kontaktperson, jf. pkt. 2.4 i samarbeidsavtala.

Auke i kostnader (kr 132.000) vert å innarbeide i budsjett for 2020.

PS 96/19 Utbygging av VA-nett til Kragerøåsen/Felehovet Sør

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal kommunestyre innfører i medhald av plan- og bygningslova §§27-1 og 27-2, jf. §30-6 og føresegn 2.2, 6.ledd i kommunedelplanen for Gautefallheia, tilkoplingsplikt til kommunalt vass- og kloakknett for 20 eksisterande hytter i området Kragerøåsen, markert med grønt og raudt i anleggsbidragsavtala sitt Vedlegg 1.
2. Nissedal kommunestyre godkjenner vedlagte anleggsbidragsavtale. Ordførar får fullmakt til å godkjenne mindre endringar av avtala, så lenge dette ikkje aukar kommunen si eigenfinansiering eller økonomiske risiko.
3. Endringar i investeringsbudsjettet vert teken omsyn til i 2.tertial.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

4. Nissedal kommunestyre innfører i medhald av plan- og bygningslova §§27-1 og 27-2, jf. §30-6 og føresegn 2.2, 6.ledd i kommunedelplanen for Gautefallheia, tilkoplingsplikt til kommunalt vass- og kloakknett for 20 eksisterande hytter i området Kragerøåsen, markert med grønt og raudt i anleggsbidragsavtala sitt Vedlegg 1.
5. Nissedal kommunestyre godkjenner vedlagte anleggsbidragsavtale. Ordførar får fullmakt til å godkjenne mindre endringar av avtala, så lenge dette ikkje aukar kommunen si eigenfinansiering eller økonomiske risiko.
6. Endringar i investeringsbudsjettet vert teken omsyn til i 2.tertial.

PS 97/19 Utbygging av kommunalt vass- og kloakknett i byggeområdet Øverlandsheia

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal kommunestyre innfører i medhald av plan- og bygningslova §§27-1 og 27-2, jf. §30-6 og føresegn 2.2, 6.ledd i kommunedelplanen for Gautefallheia, tilkoplingsplikt til kommunalt vass- og kloakknett også for bebygde eigedomar innom reguleringsplanen

Øverlandsheia. I tråd med prinsippa vedteke i ksak 41/14 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om fysisk tilkopling, men ikkje frå kravet om å betale tilkoplingsgebyr.

2. Nissedal kommunestyre godkjenner vedlagte anleggsbidragsavtale som inneber ein maksimal investeringskostnad på kr 9.640.000 som finansierast med minimum kr 3.011.000 i anleggsbidrag og maksimalt kr 6.629.000 med lån. Ordførar får fullmakt til å godkjenne mindre endringar av avtala, så lenge dette ikkje aukar kommunen si eigenfinansiering eller økonomiske risiko.

3. Endringar av budsjettskjema 2A og 2B vert gjort i 2.tertial, eller i eiga sak.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

4. Nissedal kommunestyre innfører i medhald av plan- og bygningslova §§27-1 og 27-2, jf. §30-6 og føresegn 2.2, 6.ledd i kommunedelplanen for Gautefallheia, tilkoplingsplikt til kommunalt vass- og kloakknett også for bebygde eigedomar innom reguleringsplanen Øverlandsheia. I tråd med prinsippa vedteke i ksak 41/14 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om fysisk tilkopling, men ikkje frå kravet om å betale tilkoplingsgebyr.

5. Nissedal kommunestyre godkjenner vedlagte anleggsbidragsavtale som inneber ein maksimal investeringskostnad på kr 9.640.000 som finansierast med minimum kr 3.011.000 i anleggsbidrag og maksimalt kr 6.629.000 med lån. Ordførar får fullmakt til å godkjenne mindre endringar av avtala, så lenge dette ikkje aukar kommunen si eigenfinansiering eller økonomiske risiko.

6. Endringar av budsjettskjema 2A og 2B vert gjort i 2.tertial, eller i eiga sak.

PS 98/19 Fordeling av kulturmidlar og prosjektmidlar 2019

Rådmannen si tilråding:

Tilrår å løyve kultur og prosjektmidlar 2019 jamfør saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Tilrår å løyve kultur og prosjektmidlar 2019 jamfør saksutgreiinga.

PS 99/19 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap tek referat- og drøftingssakene til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

H: Kunstgrasbanen i Treungen

Vedtak

Nissedal formannskap tek referat- og drøftingssakene til vitande.

PS 100/19 Kulturpris 2019

PS 101/19 N - 45/28 - Omlegging av veg til Berli kraftstasjon - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforbodet i LNF- for ei omlegging av ca. 70 m av vegen inn til Berlifoss kraftstasjon, på fylgjande vilkår:

- Vegomlegginga skal ved bygging og opp-pussing utformast som om tiltaket er permanent, uansett framtidig status for vegen.
- Statens vegvesen må gje avkøyringsløyve for ny avkøyring frå fylkesveg H254.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforbodet i LNF- for ei omlegging av ca. 70 m av vegen inn til Berlifoss kraftstasjon, på fylgjande vilkår:

- Vegomlegginga skal ved bygging og opp-pussing utformast som om tiltaket er permanent, uansett framtidig status for vegen.
- Statens vegvesen må gje avkøyringsløyve for ny avkøyring frå fylkesveg H254.

PS 102/19 N - 34/158 - Rosstjønnvegen 78 - Ny bod - m.a. avstand til tomtegrense - dispensasjon

Lovvilkåra for å kunne gje dispensasjon er oppfylte. Rådmannen vil tilrå at det blir gitt dispensasjon frå avgrensinga om bare to bygg på tomta, g/bnr. 34/91.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå føresegna i kommunedelplanen for Gautefallheia, for oppføring av ein bod som bygg nr. 3 på tomta, g/bnr 34/91.
Det blir samstundes, med heimel i pbl §29-4, 3.ledd, gitt løyve til ei plassering av boden i nabogrensa mot g/bnr. 34/158.

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.08.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå føresegna i kommunedelplanen for Gautefallheia, for oppføring av ein bod som bygg nr. 3 på tomta, g/bnr 34/91.
Det blir samstundes, med heimel i pbl §29-4, 3.ledd, gitt løyve til ei plassering av boden i nabogrensa mot g/bnr. 34/158.

Delegerte vedtak

ePhorte ®

Seleksjon: Utvalg: 5 - Delegert vedtak interkommunalt plankontor, Dokumentdato: 20.08.2019 - 16.10.2019, Innhold: N *

Rapport generert: 17.10.2019

Utvalg	Løpenr	Saksnr	Type	Dato	Tittel	Status	Saksbehandler
DPLA	7903/2019	270/19	DS	20.08.2019	N - 11/111 - Heivegen 254 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til kommunalt vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8119/2019	274/19	DS	26.08.2019	N - 8/1 - Kyrkjebygdheia - Byggesøknad - Vass-anlegg - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8148/2019	276/19	DS	29.08.2019	N - 12/32 - Heivegen 428 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til kommunalt vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8195/2019	277/19	DS	26.08.2019	N - 33/247 - Treungvegen 473 - Søknad om ferdigattest - Garasje - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8224/2019	279/19	DS	27.08.2019	N - 2/1 - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - Frådeling av festetomt - Gogkjenning	J	Bjarne Underdal
DPLA	8255/2019	281/19	DS	28.08.2019	N - 11/2/27 - Stemtjønnvegen 16 - Byggesøknad - Tilbygg - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til kommunalt vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8262/2019	282/19	DS	28.08.2019	N - 7/1 - Sundsodden - Frådeling av byggeområdet m.m.	J	Sveinung Seljås
DPLA	8263/2019	283/19	DS	28.08.2019	N - 17/1 - Nordstøyl - Frådeling av eks. festetomter - Godkjenning	J	Carola Klindt
DPLA	8283/2019	284/19	DS	28.08.2019	N - 7/1 - Nissedalsvegen 1223 - Søknad om frådeling av arealet "Myrane" - dispensasjon	J	Sveinung Seljås
DPLA	8336/2019	286/19	DS	28.08.2019	N - 33/297 - Ånundsbuoddane tomt 4 - Søknad om ferdigattest - Grunnarbeid tomt - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8404/2019	287/19	DS	29.08.2019	N - 12/30 - Heivegen 426 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til kommunalt vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8451/2019	290/19	DS	02.09.2019	N - 38/560 og 38/96 - Felehovet nord - Rekvisisjon av oppmålingsforretning - Godkjenning	J	Bjarne Underdal
DPLA	8572/2019	293/19	DS	04.09.2019	N - 28/26 - Fjonevegen 2559 - Byggesøknad - Ombygging fritidsbustad og naust/brygge - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8590/2019	294/19	DS	04.09.2019	N - 11/2/51 - Stemtjønnvegen 12 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til kommunal vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8593/2019	295/19	DS	04.09.2019	N - 33/2 - Juvavegen 736 - Ervedalen - Byggesøknad - Tilbygg utleigehytte - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8600/2019	296/19	DS	04.09.2019	N - 41/26 - Skulehuskleiva 26 - Byggesøknad - Oppbygging av stabbur - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8653/2019	297/19	DS	04.09.2019	N - 38/4/3 - Støylsheia sør 1 - Søknad om ferdigattest - Tilbygg til fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8656/2019	298/19	DS	04.09.2019	N - 33/201 - Sollivegen 28 - Søknad om ferdigattest - Tilbygg bustad	J	Birger Heimdal
DPLA	8687/2019	300/19	DS	04.09.2019	N - 13/1/11 - Breili 8 - Søknad om ferdigattest - Tilbygg fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8804/2019	303/19	DS	06.09.2019	N - 12/69/5 - Sylvtjønn 37 - Søknad om ferdigattest - Tilbygg fritidsbustad og sanitærteknisk tilkopling - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8816/2019	305/19	DS	10.09.2019	N - 1/3 - Sandnes tomt 22 - Søknad om frådeling av tomt - Godkjenning	J	Bjarne Underdal
DPLA	8876/2019	308/19	DS	10.09.2019	N - 33/297 - Ånundsbuoddane tomt 8 og 24 - Godkjenning	J	Carola Klindt

Utvalg	Løpenr	Saksnr	Type	Dato	Tittel	Status	Saksbehandler
DPLA	8926/2019	309/19	DS	10.09.2019	N - 31/154 - Naurak 87 - Søknad om ferdigattest - Bruksendring bod til anneks for overnatting - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	8955/2019	310/19	DS	11.09.2019	N - 8/1/29 - Nissedalsvegen 930 - Kyrkjebygda oppvekstsenter - Byggesøknad - Ombygging og tilbygg - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9155/2019	312/19	DS	18.09.2019	N - 38/54/59 - Felehovet sør 25 - Sanering brannskadd fritidsbustad - Byggesøknad - Fritidsbustad - Søknad om ferdigattest - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9165/2019	313/19	DS	18.09.2019	N - 36/118 - Utsjå 131 - Søknad om ferdigattest - Tilbygg fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9200/2019	317/19	DS	18.09.2019	N - 38/54 m/fl. - "Kragerøåsen" - Felehovet sør - Byggesøknad - Veg og V/A-leidning - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9236/2019	320/19	DS	23.09.2019	N - 38/4/29 - Støylsheia sør 106 - Søknad om dispensasjon for rekkefølgjekrav - Tilbygg fritidsbustad	J	Birger Heimdal
DPLA	9287/2019	323/19	DS	20.09.2019	N - 13/1/22 - Breili 12 - Byggesøknad - Tilbygg fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9288/2019	324/19	DS	20.09.2019	N - 15/32 - Holmvassvegen 156 - Byggesøknad - Tilbygg fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9297/2019	325/19	DS	20.09.2019	N - 11/2/147 - Hellebrotet 21 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til felles vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9374/2019	327/19	DS	23.09.2019	N - 33/266 - Fjonevegen 179 - Søknad om ferdigattest - Tilbygg fritidsbustad og tilkopling til kommunalt VA - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9377/2019	328/19	DS	23.09.2019	N - 31/194 - Sollivegen 88 - Søknad om ferdigattest - Garasje - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9395/2019	330/19	DS	23.09.2019	N - 11/99 - Hellebrotet 10 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til felles vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9432/2019	331/19	DS	24.09.2019	N - 21/141 - Nisser hyttegrend 36 - Søknad om ferdigattest - Fritidsbustad og anneks for overnatting - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9451/2019	332/19	DS	24.09.2019	N - 31/19 - Landvik 56 - Søknad om ferdigattest - Riving landbruksbygning - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9774/2019	335/19	DS	01.10.2019	N - 38/45 - Felehovet nord 102 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til kommunalt vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9782/2019	336/19	DS	01.10.2019	N - 11/118 - Heivegen 252 - Byggesøknad - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til felles vatn og avløp - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9822/2019	337/19	DS	01.10.2019	N - 36/73 - Utsjå - Søknad om ferdigattest - Veg og VA fram til og grunnarbeid tomt 87 - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9830/2019	338/19	DS	01.10.2019	N - 36/73 - Utsjå hyttegrend - Søknad om ferdigattest - Grunnarbeid tomter 61, 62, 63 og 64, med framført veg og VA - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9846/2019	341/19	DS	01.10.2019	N - 21/55 - Fjonevegen 1782 - Søknad om ferdigattest - Tilbygg fritidsbustad	J	Birger Heimdal
DPLA	9862/2019	343/19	DS	02.10.2019	N - 38/593 - Felehovet nord 432 - Fritidsbustad - Søknad om ferdigattest - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9897/2019	344/19	DS	03.10.2019	N - 17/2 - Nesheivegen 22 - Byggesøknad - Reiskapshus - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9946/2019	348/19	DS	04.10.2019	N - 40/88 - Vedlausfjell 29 - Byggesøknad - Fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	9961/2019	349/19	DS	04.10.2019	N - 38/45 - Felehovet nord 102 - Søknad om ferdigattest - Sanitærteknisk installasjon med tilkopling til kommunalt vatn og avløp	J	Birger Heimdal
DPLA	9964/2019	350/19	DS	04.10.2019	N - 7/77 - Sundsodden 22 og 24 - Søknad om ferdigattest - To garasjar - Godkjent	J	Birger Heimdal

Utvalg	Løpenr	Saksnr	Type	Dato	Tittel	Status	Saksbehandler
DPLA	10012/2019	351/19	DS	07.10.2019	N - 12/15 - Stemtjønnvegen 104 - Søknad om dispensasjon - Fritak frå ventilasjonkrav	J	Birger Heimdal
DPLA	10020/2019	352/19	DS	04.10.2019	N - 28/1 - Nordskogbukta tomt 12 - Rekvisisjon av oppmålingsforretning - Godkjenning	J	Bjarne Underdal
DPLA	10028/2019	353/19	DS	07.10.2019	N - 45/28 - Berlifoss kraftstasjon - Byggesøknad - Ny avkøyring og veg - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10054/2019	354/19	DS	07.10.2019	N - 37/4 - Heimdalsvegen 308 - Søknad om ferdigattest - Reiskapshus - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10081/2019	355/19	DS	07.10.2019	N - 36/73 - Utsjå hyttegrend tomt 87 - Byggesøknad - Fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10150/2019	359/19	DS	08.10.2019	N - 8/41 - Framnes 6 - Søknad om rammeløyve - Ombygging bustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10165/2019	360/19	DS	10.10.2019	N - 40/90 - Vedlausfjell 28 - Søknad om ferdigattest - Fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10187/2019	362/19	DS	10.10.2019	N - 38/628 - Felehovet nord tomt H133- Byggesøknad - Fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10254/2019	365/19	DS	14.10.2019	N - 38/4/29 - Støylsheia sør 106 - Byggesøknad - Tilbygg fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10298/2019	366/19	DS	15.10.2019	N - 34/169 - Bjønntjønnlia 106 - Søknad om tiltak - Grillplass/utestoge - Godkjent	J	Birger Heimdal
DPLA	10342/2019	369/19	DS	16.10.2019	N - 11/99 - Hellebrotet 10 - Byggesøknad - Tilbygg fritidsbustad - Godkjent	J	Birger Heimdal

Nissedal kommune – Kviteseid kommune
Interkommunalt plankontor

KYRKJEBYGDHEIA AS
Nissedalsvegen 908
3854 NISSEDAL

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	2019/707-5	Sveinung Seljås,35048430 sveinung.seljas@nissedal.kommune.no	L12	20.09.2019

N - 10/1 - Driftskonsesjon - Bakkebufjell massetak - merknader frå kommunen

Kommunen har mottatt kopi av meldinga frå Direktoratet for mineralforvaltning, dat. 10.09., der Kyrkjebygdheia AS har fått driftskonsesjon for drift av Bakkebufjell massetak.

Det er positivt at det nå er gitt driftskonsesjon for masseuttak her. Kommunen merker seg likevel at det i høyringsrunden av konsesjonsbehandlinga har kome fleire kritiske merknader til å opne for dette uttaket. Nokre merknader går i tillegg på at drifta alt har vore i gang, noko som betyr at det har vore ulovleg drift i massetaket, jf. rekkefylgjeføresegn 1 a) i reguleringsplanen for *Bakkebufjellet massetak* (2012).Det blir også opplyst at det er henta masse herifrå til det kommunale v/a-prosjektet for området.
Før kommunen vurderer vidare reaksjonsformer, blir det bedt om forklaring/kommentarar frå Kyrkjebygdheia AS.

I tillegg er det i høyringsuttalane peika på at skog som det i planomtalen/driftsplanen er argumentert med at har funksjon både som avskjermande av området og som støydempande, nå for det meste er fjerna. Kommunen må be Kyrkjebygdheia AS, eventuelt grunneigar Halvor Grimstvedt, om ei forklaring på kvifor dette har skjedd, og kva avbøtande tiltak som nå kan kome på tale. Det vil også her måtte bli vurdert reaksjonsformer frå kommunens side.

Med helsing

Sveinung Seljås
-plansjef

Kopi til:
Halvor Grimstvedt Kyrkjebygdvegen 80 3854 Nissedal

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Halvor Grimstvedt

3854 Nissedal.

Nissedal kommune

3955 Treungen Nissedal 09.10.19

v/Sveinung Seljås.

SVAR TIL BREV DATERA 20.09.19.

Det er rett som du skriv, det blei sprengt ei salve for å lage pukk til kommunens VA anlegg opp til Kyrkjebygdheia. Kyrkjebygdheia AS hadde sendt søknad om driftskonsesjon allerede i juni 2018, då firmaet ikkje høyrde noko ifrå Direktoratet for mineralforvaltning ga eg, som grunneigar, Felle Maskin AS anledning til å take ut denne salva i november 2019.

Det blei sprengt ut ca. 3 – 4.000m3.

I forbindelse med avskoging i traseen til kommunens VA anlegg, blei det teke ut meir hogstmogen skog i nærheten av denne traseen. Eg ga hogstentreprenøren beskjed om å spare noko av skogen framfor dette massetaket, denne beskjeden hadde ikkje kome fram til førar av hogstmaskina, derfor blei det desverre hogge framfor massetaket.

Det som er tenkt som støydempande tiltak på framsida av massetaket, er lager av knuste masser etterkvart som me kjem i gang med knusing her.

Større massedeponi framfor bruddet vil dempe støyen vesentleg, etter vår meining.

Sprenging og knusing av stein vil sannsynlevis ikkje foregå meir enn 1 – 2 gonger i året.

Med helsing

Halvor Grimstvedt

Grunneigar

Kopi sendt til Kyrkjebygdheia AS.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

Vår dato: 03.10.2019
Vår ref: 2019/12115
Dykkar dato: 04.09.2019
Dykkar ref: 2019/12115

Nissedal kommune
Treungvegen 398
3855 TREUNGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Bård Tangen Nilsson, 35 58 61 77

Oppheving av vedtak - Gnr/bnr. 38/599 - Felehovet nord 358 - Oppføring av fritidsbustad - Nissedal kommune

Vi viser til klagesak motteke her 04.09.2019 frå Nissedal kommune.

Det kjem fram av saksdokumenta at kommunen sitt vedtak av 14.06.2019, sak 38/559 er gitt oppsettande verknad etter forvaltningslova (fvl.) § 42.

Fylkesmannen sitt vedtak
Kommunen sitt vedtak av 14.06.2019, sak 38/559 opphevast og blir sendt tilbake for ny behandling, jf. forvaltningslova (fvl.) § 34 siste ledd.

Fylkesmannen sitt vedtak i klagesaka er endeleg og kan ikkje klagast på til overordna forvaltningsorgan, jf. fvl. § 28.

Saka si bakgrunn
I vedtak av 19.02.2019, sak 052/19 vart det gitt løyve til å føre opp ein fritidsbustad på 106m² på gnr/bnr. 38/599 i Nissedal. Det kjem fram av vedtaket at stikkveg og tomtearbeid er inkludert i søknaden.

Vedtaket vart klaga på i brev datert 06.03.2019, av Erling I. Aas, på vegne av eigar av gnr/bnr. 38/597 Monica Hunsager. Eigedomen 38/597 er naboeigedomen til 38/599.

Advokatfirmaet Moen Erikstein As sendte inn tilleggsmerknader i brev datert 12.03.2019 på vegne av Hunsager.

Som eit ledd i behandlinga av klaga, sendte kommunen e-post til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) 08.04.2019 med spørsmål om kva byggegrense i plan regulerer. KMD svarte i brev av 10.04.2019.

Klaga vart behandla i møte i Formannskapet 13.06.2019, sak 67/19 og gitt delvis medhald. Det vart fatta fylgjande vedtak:

E-postadresse: fmvtpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Postboks 2076 3103 Tønsberg
Besøksadresse: Anton Jenssensgate 4, Statens Park, bygg I
Telefon: 33 37 10 00
www.fylkesmannen.no/vt
Org.nr. 974 762 501

«Nissedal formannskap tek klaga på byggeløyve gitt i delegert sak 052/19 delvis til fylgje. Vilkåret for byggeløyvet, pkt. 2. får endra ordlyd til:
Stikkveg/parkering skal ha avstand minimum 4,00 meter frå nabogrense.».

Vedtaket vart klaga på av Hunsager i brev som ikkje er datert. Av oversendinga frå kommunen kjem det fram at klaga er datert 03.07.2019.

I klaga blir det vist til at klaga gjeld kommunen sin tolking og praksis av byggegrenser som er vist på arealplankartet for Felehovet nord (2014). Klagar viser videre til planomtalen til detaljreguleringsplanen for Felehovet nord pkt. 5.2.1.1. som omhandlar særskilde fastsette byggegrenser. Videre meiner klagar at kommunen burde krevje søknad om dispensasjon då det er søkt om løyve til tiltak utanfor byggegrensen. Vi viser forresten til heile klaga.

Klaga vart behandla i møte i Formannskapet 29.08.2019, sak 89/19 og ikkje tatt til fylgje. Kommunen sitt vedtak vart oppretthaldt. Saka vart deretter oversendt Fylkesmannen for endeleg behandling.

Klaga si mor, Wenche Lauritzen, har sendt inn bilde av eigedomane gnr/bnr. 38/599 og 38/597 motteke hos Fylkesmannen 26.09.2019. Etter Fylkesmannen sin vurdering er dette bilde som viser dei faktiske forholda på staden. Vi legg til grunn at partane i saka er kjend med dei faktiske forholda. Av den grunnen har vi ikkje oversendt kopi av bilda til partane i saka.

Fylkesmannen behandlar klaga etter delegert mynde frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Ved behandlinga av ei klage kan Fylkesmannen prøva alle sider av saka, herunder ta omsyn til nye omstende, jf. fvl § 34 anna ledd. Fylkesmannen skal vurdera dei synspunkta klagar har komme med, og kan òg ta opp forhold som ikkje er rørt av klagaren. Fylkesmannen kan oppretthalde kommunen sitt vedtak, gjere om vedtaket, eller oppheve vedtaket og sende saka tilbake til kommunen til heilt eller delvis ny behandling, jf. fvl § 34 fjerde ledd.

Saka vurderast som tilstrekkeleg opplyst etter fvl § 17, og Fylkesmannen kan avgjere saka på grunnlag av de opplysningane som kommer fram i saka.

Fylkesmannen sin vurdering
Saka for Fylkesmannen gjeld klage på Nissedal kommune sitt vedtak av 14.06.2019, sak 38/559.

Ein søknad skal innvilgast med mindre det finns heimel i plan- og bygningslova til å nekte tiltaket gjennomført, jf. pbl. § 21-4 første ledd.

Å føre opp ein fritidsbustad slik det er søkt om er søknadspliktig tiltak etter pbl. § 20-2 første ledd, jf. pbl. § 20-1 første ledd bokstav a).

Byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 omhandlar tiltak som ikkje krev byggesøknad og løyve frå kommunen. Dette gjeld: *«intern veg på tomt og biloppstillingsplasser for tomtens bruk som ikke krever vesentlig terrenginngrep. Unntaket omfatter også anlegg av oppstillingsplass for landbruksmaskiner til bruk på landbrukseiendom. Avstand til nabogrense må være minst 1,0 m.»,* jf. føresegna si første ledd bokstav e) nr. 10.

Sjølv om eit tiltak etter plan- og bygningslova er unntatt søknadsplikt, er det eit byggetiltak etter lova. I den samanheng visar vi til pbl. § 1-6 andre ledd kor det står:

«Iverksetting av tiltak som omfattes av denne lov, kan bare skje dersom de ikke er i strid med lovens bestemmelser med tilhørende forskrifter, kommuneplanens arealdel og reguleringsplan, jf. kapittel 20 om søknadsplikt og tillatelse. Dette gjelder også hvis tiltaket er unntatt fra søknadsplikt etter §§ 20-5 og 20-6.».

Føresegna i pbl. §§ 20-5 og 20-6 er nærare utfylt i SAK10 § 4-1.

Eigedomen er på kommuneplanen (2014-2025) avsett til «*fritidsbustader – framtidig».*

Området er omfatta av reguleringsplan for Felehovet nord (2014) og regulert til *«fritidsbebyggelse – frittliggende».*

Rettsverknadene av kommuneplanen og reguleringsplanen kommer fram av pbl §§ 11-6 og 12-4. Etter disse føresegner må ikkje tiltak vere i strid med planen sine arealformål og føresegner, jf. §§ 11-6 andre ledd og 12-4 andre ledd.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltaket slik det er søkt om er i strid med arealformåla i kommuneplanen og reguleringsplanen.

Etter vårt syn er det avgjerande i denne saka om det er fastsett ein byggegrense i plan og om denne gjeld i dette tilfellet. I den forbindelse viser vi til pbl. § 29-4 andre ledd, kor det står:

«Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som angitt i forskrift eller som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter.»

I dette tilfellet meiner vi at det kjem fram av plankartet til reguleringsplanen at det er fastsett ein byggegrense på eigedomen gnr/bnr. 38/599. Dette må sjåast som «*bestemt i plan*».

Som nemnt ovanfor har KMD i denne saka svart på spørsmål om byggegrense. Dei skriv mellom anna.:

«Utgangspunktet er at byggegrensa gjeld for alle tiltak etter § 1-6. Slik sett vil grensa være absolutt, slik vi har svara i 2010. Dette gjeld likevel ikkje utan atterhald.

Ordlyden "bestemt i plan" er etter vår forståing ikkje avgrensa til berre å gjelde byggegrense. Kommunen kan til dømes fastsetje planføresegner om tiltak som kan byggast utanfor byggegrensa.». Og videre at:

«Om ei byggegrense er absolutt eller ikkje, kjem altså an på ei tolking av den konkrete planen med tilhøyrande planføresegner. Det er kommunen som er nærast til å gje svar på kva som er innhaldet i eigne planar.».

På bakgrunn av dette meiner Fylkesmannen at byggegrensa gjeld for alle tiltak etter pbl., jf. pbl. § 1-6 såframt planen ikkje inneheld føresegner om at byggegrensa ikkje gjeld for visse tiltak. I dette tilfellet kan ikkje Fylkesmannen sjå at det er fastsett føresegner i kommuneplanen eller reguleringsplanen kor det kjem fram at byggegrensa på plankartet ikkje skal gjelde for interne vegar og biloppstillingsplass.

Byggegrensa som er fastsett på kartet til reguleringsplanen gjeld i dette tilfellet. Opparbeiding av intern veg og biloppstillingsplass, vil bli lagt i strid med byggegrensa fastsett i plan og såleis i strid med reguleringsplanen, jf. pbl. § 12-4 andre ledd.

Løyve til tiltaket er avhengig av at det blir søkt om og innvilga dispensasjon frå byggegrensa på plankartet til reguleringsplanen, jf. pbl. §§ 19-1 og 19-2. Alternativt kan man endre planen ved at det gjerast ein reguleringsendring, jf. pbl. § 12-14.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa i denne saka.

I forarbeida til pbl. (Ot.prp. nr. 45 s. 317) står det:

«I første ledd tredje punktum er det fastsatt at det skal framgå av søknaden dersom det søkes om dispensasjon. Er et tiltak avhengig av dispensasjon må det søkes særskilt om dette, jf. § 1-9, enten som en del av søknaden om tillatelse til tiltak, eller ved særskilt søknad før det sendes inn søknad om tillatelse til tiltaket.». og videre at:

«Det presiseres at kommunen ikke har noe ansvar for å vurdere om vilkårene for å gi dispensasjon foreligger, dersom dispensasjon ikke er omsøkt. Det vil være avslagsgrunn dersom søknaden om tillatelse til tiltaket forutsetter dispensasjon, og det ikke er søkt om dette. Eventuelt kan kommunen avvise søknaden.».

På bakgrunn av dette blir saka sendt tilbake til kommunen. Kommunen må informere tiltakshavar om at løyve til byggetiltaket, jf. pbl. § 1-6, er avhengig av at det kan givast dispensasjon etter at det er sendt inn grunngitt søknad om dispensasjon, jf. pbl. § 19-2.

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunn til å gå inn på resten av forholda som blir tatt opp i klaga.

Fylkesmannen har forresten ingen kommentarar til at kommunen har vedtatt at vedtak skal givast utsett iverksetting til etter at klaga er behandla.

****

På bakgrunn av det som kjem fram ovanfor, opphevast kommunen sitt vedtak av 14.06.2019, sak 38/559. Saka blir sendt tilbake til kommunen for ny behandling. Kommunen må informere om at løyve til tiltaket er avhengig av at det er søkt om, og innvilga, dispensasjon etter plan og bygningslova (pbl.) § 19-1, frå byggegrensa som er fastsett på arealplankartet til reguleringsplan for Felehovet nord. Alternativt at det må det gjerast ein reguleringsendring, jf. pbl. § 12-14.

Fylkesmannen sitt vedtak kjem fram innleiingsvis.

Med helsing

Lars Gustavsen (e.f.)
fungerande direktør i Justis- og verjemålsavdelinga

Bård Tangen Nilsson
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Heidi Synnøve Johansen Skarprud	Limistien 13	3721	
SIGVARTSEN DESIGN AS	Østre Aker vei 17	0581	OSLO
Karin Wenche Lauritzen	Sareptaveien 85	1622	
Monica Hunsager	Tyriveien 5	1405	Langhus

Nissedal kommune – Kviteseid kommune
Interkommunalt plankontor

FYLKESMANNEN I VESTFOLD OG TELEMARK
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
2019/12115	2018/1447-35	Sveinung Seljås,35048430 sveinung.seljas@nissedal.kommune.no	38/559	16.10.2019

N - 38/599 - Felehovet nord 358- Oppheving av vedtak - Oppføring av fritidsbustad - Nissedal kommune - kommunens tilbakemelding

Fylkesmannen har i brev dat. 03.10.19 oppheva vedtaket i formannskapssak 067/19 av 13.06.19, (ikkje sak 38/599 eller 14.06.19 slik det står i brevet). Saka er sendt tilbake til kommunen for ny behandling. Ved ny behandling må det ligge føre ein dispensasjonssøknad frå tiltakshavar, eventuelt må kommunen ha gjort planendring etter plan- og bygningslova (pbl) §12-14.

Det springande punktet har vore om byggegrensa gjeld for absolutt alle tiltak etter pbl §1-6, såframt planen ikkje inneheld føresegner om at byggegrensa ikkje gjeld for visse tiltak. Fylkesmannen slår i opphevingsvedtaket sitt fast at detaljreguleringsplanen *Felehovet nord* ikkje inneheld slike unnatak, og konkluderer difor med at byggegrensa gjeld for alle tiltak etter §1-6.

Kommunens konklusjon, etter å ha henta inn uttale frå KM-departementet, var at også i slike tilfelle, der planen ikkje gav eksakte unnatak, var kommunens eiga tolking/praktisering av planen ein del av avgjerdsgrunnlaget. I formannskapssak 067/19 blei dette uttrykt slik:

«Ved byggesaksbehandlinga blei det lagt til grunn at byggegrensa i plankartet gjaldt for opp-fylling av tomt og oppføring av bygning, ikkje for plassering av veg og parkering. Denne avgrensinga er i tråd med pkt. 5.2.1.1 planomtalen slik dette er sitert i faktadelen av sakutgreiinga. Dette er også i samsvar med korleis planen er blitt praktisert. Frå Sivilombodsmannen er det ved fleire høve uttala at slik praksis må vektleggast (sjå t.d. 2016/713). Denne tolkinga vil også falle saman med svaret kommunen har fått frå KMD; «*Om ei byggegrense er absolutt eller ikkje, kjem altså an på ei tolking av den konkrete planen med tilhøyrande føresegner. Det er kommunen som er nærast til å gje svar på kva som er innhaldet i eigne planar».*
Rådmannen er klar på at byggegrenser i reguleringsplanar i Nissedal kommune ikkje konsekvent har omfatta veg/ parkering inne på tomta, så også for reguleringsplanen *Felehovet nord*. Til dømes vil det for tomt H281 i denne planen ikkje kunne byggast veg på tomta utan å bryte byggeforbodet dersom byggegrensa her også skal gjelde vegbygging. Det same vil gjelde for tomt H158 etter planendringa i dette området.»

Det er uråd å sjå at Fylkesmannen har vurdert kommunens grunngjeving for standpunktet sitt, særleg sett opp mot dei uttalane frå Sivilombodsmannen og KMD standpunktet bygde på.

Postadresse: Treungvegen 398, 3855 Treungen
Telefon: 35048400
Telefaks: 35048410
Bankgiro: 27140700016
Org.nr: 964964343
E-post: info@nissedal.kommune.no
www.nissedal.kommune.no

Kommunen må difor be Fylkesmannen grunngje opphevingsvedtaket på nytt, ut frå det konkrete grunnlaget vedtaket var fatta på.

Opphevingsvedtaket må, om det blir ståande, også få som konsekvens ei strengare tolking av byggegrenser i denne og tilsvarande gjeldande planar. Kva dette vil ha å seie for likebehandling og rettstryggleik for dei som skal etablere seg i desse planområda er ikkje drøfta. Kommunen har nå til dømes fått spørsmål om veg til tomt H138 også må halde seg til byggegrensa, og ikkje slik potensiell tomtekjøpar har sett føre seg. Det vil også framover kome fleire slike, som etter «nytolkinga» av planen, etter kommunens syn, vil kunne føre til mindre gode vegløysingar på eiga tomt på grunn av nabos endra rettsstilling.

Kommunen vil, ut frå kva svar Fylkesmannen gir, måtte vurdere å gå vidare med saka til KMD.

Reguleringsplanen Felehovet nord ligg på lenka under:
http://webhotel2.gisline.no/gislinewebplan_0830/gl_planarkiv.aspx?knr=0830&planid=2014007

Med helsing

Sveinung Seljås
-plansjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.